

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 3 • 2007 • ÅRGANG 6

www.lnk.no

Riksbonde



Inga Berit Lein vart kjendis då ho gjekk på friarføter på riksidekkande tv for nokre år sidan. No har ho utvikla bondelivet til noko meir enn berre mjølkning og fôrhausting, og er mellom anna representert i Bolystrådet. Lein kjem til Landstinget til LNK.

• Sjå s.6



Industriarbeidar ved Smelteverket i Sauda (Foto: Jan Nordtveit)

Målmann med skilt



Arne Johannessen er truleg den i politiet med flest prisar for god målbruk. Sjølv slit han med å skjøne korfor det er noko å lage så mykje styr for.

• Sjå s. 12 - 13

Fann lukka



Dei trudde dei var nøgde, men det var noko som mangla. Ved å legge karrierejag og byliv bak seg, og oppsøke det gode livet i Evanger, er familien Sundt nærmare draumen enn nokon gong.

• Sjå s. 16 og 17

Staten treng deg ikkje

Folk frå distrikta er kraftig underrepresenterte i råd og utval oppnemnde av regjeringa, syner ei kartlegging LNK og Abc Nyheter har gjort. Ein gjennomgang av offisielt frå statsråd dei siste åra syner til dømes at berre 10 av 176 medlemmer i slike utval kjem frå dei 333 kommunane i landet som har mindre enn 10 000 innbyggjarar.

Det er og eit markant skilje i kva yrkesgrupper som blir plukka ut til å sitje i slike utval. Bønder, husmødrer, lærarar og industriarbeidarar blir sjeldan plukka ut, medan døra er vidopen for professorar, advokatar og direktørar.

Det politiske Distrikts - Noreg meiner det er på tide at fleire får vere med og legge premissane for utviklinga i framtida.

• Sjå s. 12 og 13

ABC
Startsida

Vi gjer nettet
nyttigare!

www.startsida.no

Hugs å melde kommunen din på landstinget

Vågå 27. - 29. august 2007



For fullstendig påmeldingsinformasjon sjå

www.lnk.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Det går alltid eit tog

Bygdefolk og nynorskingar synest å leve under stadig trøngare kår. Stadig fleire arenaer i samfunnet blir tilpassa den majoriteten av det norske folk som bur i og kring Oslo, som bruker bokmål som skriftspråk, bur i tettbygde og sentrumsnære stromk og køyrer tog til jobben.

Trass i at nynorsken nesten ikkje tar nokon plass – om nokon i det heile – i det offentlege rom, så synest det vesle som er å vere for mykje for somme. Nyleg kunne Nynorsk kultursentrum avsløre at teksthefta brukt i norskeksamen i ungdomsskulen berre hadde 6 nynorsktekstar i fjor, og i år var talet gått ned til dramatiske 2 av 20. Utdanningsdirektoratet argumenterer med at det er typen tekst, altså sjangertilfanget, som er avgjerande for kva tekstar som kjem i hefta. Målforma kan sjå ut til å vere underordna.

Samstundes kan me lese at bygdefolk er underprioriterte når regjeringa skal oppnemne utval med representantar frå folket. Desse utvala består av folk frå dei største byane i landet, og berre unntaksvis finn ein at kommunane med mindre enn 10 000 innbyggjarar er representerte. Og ingen av dei er industriarbeidar, sjukepleiar, bonde, sekretær eller husmor. Men er du advokat, direktør eller professor er vegen kort til å få forme framtida til landet vårt.

På den språklege arenaen kan det sjå ut til å vere lys i enden av tunnelen. Ein kan i alle fall velje å sjå det slik når kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget no insisterer på at statlege organ, som normalt ikkje er underlagt mållova, må bruke meir nynorsk. Senterpartiet har og instendig oppmoda Noregs Statsbanar om å ta inn over seg at dei er pålagde å følgje mållova.

Om det ikkje gjev store og synlege konsekvensar umiddelbart, så vil eit auka tal nynorskdokument frå statleg hald i alle fall vitne om meir respekt for ei stor gruppe av det norske folket: dei nynorske lesarane. Kan ein i tillegg køyre tog i ei ikkje-øykar-vogn i staden for ein ikkje-øykar-kupé, får ein tru ein er godt på veg.

Ei regjering som byrjar skjønne at eit språk nytta av mindretallet også har sin rett, bør etter kvart også få auga opp for at det finst ein anna minoritet, bygdefolket, som bur i majoriteten av dei norske kommunane. Dei har og ei stemme som må bli høyr.

Å ignorere den stemma kan få vidtrekkande konsekvensar i eit valår.

Daude krigarar

Det er ikkje den same historia som sel seg inn hos dei tyske turistane som sel seg inn hos potensielle tilflyttarar.

Klikkar ein seg eksempelvis inn på nettsida fjords.com finn ein dramatiske bilete av fjordane på Vestlandet der vikingskip kjem seglande inn. På eine skipet står ein krigar med hjelm og spydet heva. Er dette Vestlandet i dag?

Nei, det var Vestlandet for tusen år sidan, men turisme handlar i stor grad om å skape historia ein vil turistane skal kjøpe. Sånn sett er det eigentleg greitt. Biletet er flott og fengande og hankar sikkert inn ein del tyske turistar. Det er tyske turistar det er flest av i Noreg, nest etter norske. Vi er nemleg i fleirtal.

REKORDFART I TURISME

Reiselivsnæringa står for om lag 3,4 prosent av vårt bruttonasjonalprodukt (BNP), og knappe 6,4 prosent av den totale sysselsettinga i Noreg, men ofte kan ein få inntrykk av at det er meir, fordi turismeframstillinga er så dominerande.

Spesielt gjeld dette for Vestlandet, og av og til skulle ein tru turisme var alt fagre Vestlandet kan tilby både turistar og ikkje-turistar. Slik er det heldigvis ikkje.

Mitt fjordfylke, Sogn og Fjordane, ligg i toppsjiktet når det kjem til eksportinntekt per innbyggjar på landsbasis.

Fylket har også Noregs lågaste arbeidsløyse, no søker dei etter utanlandsk arbeidskraft, og det er ikkje til turistindustri, men til skipsindustri og anna. Samstundes aukar turisttrafikken i rekordfart.

Men uansett rekordfart: Folk flyttar. Stadig fleire av oss som kjem frå to av dei tre toppplasserte fylka på fråflyttingsstatistikken, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, kjem ikkje lenger innom som anna enn "turistar". Når vi er borte frå fylka vi flytta frå, viser vi stolt fram bilete av fjell og søsken, og svingar bunadstakken, men vi kjem ikkje heim att for å bu. Kva med å hente ambassadørane heim?

FLYTTE ELLER FERIERE?

Det er ikkje slik at eg no skal krevje at ein snur marknadsføringa frå turistane og rettar all PR mot potensielle innflyttarar og heimflyttarar, men eg fryktar der er ein reell fare for at ein midt i all turismen gløymer at ein også treng permanente bebuarar. Ein gløy-

mer at mange av desse nye sambygdingane per dags dato bur andre stader i landet og verda, og at desse treng like mykje informasjon som dei tyske turistane. Å byte bustad er eit stort steg. Å dra på ferie krev strengt tatt mindre informasjon, og det er ikkje den same historia som sel seg inn hos dei tyske turistane som det er som sel seg inn hos potensielle tilflyttarar.

Der eg kjem i frå er det klassisk vestlandsvakkert med fjord, obligatoriske fjell og beitande sauer med ringlande bjøller langs stiane i marka. Det er eit naturparadis. Men der fanst knapt turistar langs desse stiane. Heilt til i fjor. I fjor arrangerte Helge Kårstad Storehesten opp, eit løp som starta i Bygstad og gjekk heilt til toppen av den 1209 meter høge Storehesten. Massive mengder menneske møtte opp, tilreisande orienteringsløparar og lokale langrensløparar konkurrerte side ved side med mosjonistar, og arrangementet var ein kjempesuksess sjølv om mange sat og skalv tett i tett i søkk våte t-skjorter under bergnabbane saman med sauene langs stien heim utover dagen medan regnet fossa ned.

Samstundes, same dag, spelte ei gruppe som deltok i Førde Folkemusikkfestival på den lokale uteplassen Tønna. Utanfor grilla dei

ein heil gris. På kvelden var det konsert i ein gammal sauefjøs i Angedalen. Slike ting kan ein flytte heim for. Ikkje merkevara Fjords. I tillegg treng vi vite om vi kan få jobb, barnehageplassar og skule, og langt frå alle av oss er utdanna for ein karriere i turistnæringa.

Her eg sit, midt i Oslo-gryta, grip eg meg i å tenke at dei som legg strategiane gløymer å prøve å hanke oss inn. Dei tenker berre på tyske turistar. Det finnst nemleg ikkje noko turistkontor for utflytte oss.


DAUDE KRIGARAR

Det er lurt å tenke næringsutvikling, bygdeutvikling, kultur og turisme på ein slik måte at ein når turistane og styrker næringa, samstundes som ein også maktar å få ut informasjon som fangar potensielle tilflyttarar.

Ein må våge å ta nye grep om historia om fylka, fortelje nye historier og skape andre symbol for kva vi er, enn eksempelet med vikingskip med krigaren for baugen. Fylka har rike mengder av kultur å tilby, og det er viktig å hugse at ein i tillegg til turistar, treng at folk flyttar til turistfagre distrikt truga av fråflytting.

KRONIKKFORFATTAREN

ANNE VIKEN
Journaliststudent



Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Anne Silje Berg
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Björg Schultz
Ingrid Hillestad
Tøyne Tobekk
Lars Arvid Oma
Sigbjørn Høidalen

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Trykk:

Sunnhordland
Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
7/9, 19/10, 7/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(248x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no

LNK–Landstinget/Vågåseminaret

27. – 29. august 2007

Distriktpolitisk seminar
Tema: Kultur og næring

Program:

Måndag 27. august:

- 11.30 Registrering og lunsj
- 13.00 **Velkommen til Vågåseminaret 2007**
Jan Magne Dahle – Leiar i LNK og Rune Øygard – ordførar i Vågå
- 13.20 **Natur og kultur – om regjeringa sin reiselivspolitik og potensiale i norsk reiseliv**
Dag Terje Andersen – Næringsminister
- 13.50 **Har du bindestrek i etternamnet ditt og BP-registrert bil, får du lov til det meste i Gudbrandsdalen!**
Iver Hammeren, investor i Kvittfjell
Debatt mellom Kurt Oddekalv, Norges Miljøvernforbund og investor.
Debatteiar: Aslak Bonde
- 15.30 **Nye menneske, gamle stader, fleire moglegheiter-** Innvandringa som forandrar distrikts-Norge
Elisabeth Sem-Christensen, prosjektleiar Groruddalssatsinga – bydel Alna
- 16.00 **Kulturbasert næringsutvikling i Gudbrandsdalen** - Eit skråblikk på utfordringar, kvalitetar og fortrinn!
Ingar Sletten Kolloen, forfattar
- 16.45 **LNK Årsmøte**
- 19.00 Middag på Vågå Hotel
- 21.00 **Musikalen Hair i Vågåhallen**
80 ungdomar frå Gudbrandsdalen på klingande dialekt i ei forrykande framsyning med rock, song, dans og teater

Tysdag 28. august

- 09.00 Vel møtt!
- 09.20 **Bolyst - Korleis gjere distrikta meir attraktive for unge menneske.**
Inga Berit Lein, bonde og medlem av KRD sitt Bolystråd
- 09.50 **Attraktivt å bu på landet!**
Om Blilyst og resultatane av den internasjonale arkitektkonkurransen: ”Moderne buløysingar på bygda”.
Steinar Skjeringstad, dagleg leiar i Blilyst – synspunkt og kommentarar frå Røkke-arkitekt Finn Sandmæl og BT-kulturredaktør
Jan Nyberg. Resultata av Blilyst-konkurransen er å sjå i vestibyla/Vågåhallen.
- 11.20 **Naturleg hygge – Snobberi eller livskvalitet?**
Gunn-Helen Øye, sosialantropolog i Prognosesenteret AS
- 11.50 **Breiband og konkurransekraft – mot full dekning**
Stig Herbern, adm.dir. i BaneTele AS
- 12.20 Lunsj
- 13.50 www.talent.no - Eit musikalsk foredrag om vegen frå draum til realisering – inkl presentasjon av nytt norsk talent på musikkfronten
Jørn Hoel, musikar
- 14.40 **Tanken si makt – endeleg måndag!**
Karin Fevaag Larsen – Årets inspirator 2005
- 15.40 **LNK – Årsmøte**
- 19.00 Ein kveld på Vianvang i Arne Brimi sitt rike

Onsdag 29. august:

- 09.00 Vel møtt v/Fylkesmann i Oppland, Kristin Hille Valla
- 09.20 **Gå over tunet og tenkje på eit dikt**
Hilde Myklebust, forfattar
- 09.50 **Heggerusten Spa & Behandling – Der ingen skulle tru...**
Om to storbymenneske om slo seg ned på eit lite småbruk i Vågå
Sisko Välimaa Waldersløw, dagleg leiar
- 10.20 **Med kultur for design**
Ali Zareiee, industridesignar
- 11.30 **Energikampen**
Arild Halvorsen, Fabelaktiv/NRK
- 12.00 **Kviten – Frå stusslegstugu til Soria Moria!**
Korleis skape næring av eit nedlagt småbruk og ei verna seter?
Øistein Formo, tømrar og bonde frå Vågå
- 12.30 **Den neste er den beste**
Prestasjonskultur, coaching og teambuilding
Kjetil Andre Aamodt, OL- og VM-meister
- 13.00 Lunsj/avslutning



Sjå www.vaga.kommune.no for detaljar om program, påmelding og praktiske opplysningar.

Kontakt oss på vagaseminar@vaga.kommune.no eller 99 23 37 02



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

info@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

Steinkjer kommune har vedteke ny kommunikasjonspolitikk. I vedtaket heiter det m.a.: "Det er en selvfølgelig rettighet for alle ansatte i Steinkjer kommune å kunne kontakte og uttale seg til mediene. Dette gjelder også spørsmål som er omstridt i kommunen, (...) Du skal lojalt gjennomføre kommunale vedtak. Når vedtak er fattet, kan du likevel si ifra om krittikkverdige forhold eller utilsiktede virkninger."

Dei 1500 tilsette i Steinkjer kommune kan no altså stå fram offentleg, med kritikk mot egne overordna og mot vedtak som dei oppfattar ikkje fungerer. Dette er ikkje kvardagskost i norske kommunar.

Arkitekten bak vedtaket, kommunikasjonsrådgjevar Tone E. Berg, seier til fagbladet Journalisten at eigentleg bør ein slik politikk vera sjølvstøtt, sidan ytringsfridomen ligg fast i grunnlova. Berg legg til at det ikkje er rådmannen som er oppdragsgjevar i ein kommune, det er dei som bur i kommunen.

Derfor har folk krav på innsyn i korleis kommunen forvaltar fellesressursane.

- Viss de som er nærmest til å føle på kroppen hvordan økonomiske vedtak slår ut – lærere, helsearbeidere for eksempel – ikke kan delta åpent i debatten, hvordan kan vi da være sikre på at virkeligheten ikke skjønmales? seier Berg til Journalisten.

Rådmannen i Steinkjer, Hans Brattås er ikkje samd i at vedtaket er uttrykk for ei særleg radikal linje.

-At vår politikk vert oppfatta som radikal og sprek, seier vel mest om at andre kommunars praksis heng etter, seier Brattås i ein kommentar.

Vedtaket i Steinkjer vitnar om viktig strategisk informasjonstenking. Der som kommunen klarar å dyrka fram ein kultur som sikrar at tilsette ikkje misbrukar ordninga til å sikra fordelar for egne revir, kan dette føra til ei vitalisering av den politiske debatten i kommunen – av di innbyggjarane får vita kva som faktisk skjer. Det kan føra til økonomiske innsparingar når det vert peika på rutinar som ikkje fungerer, det kan føra til meir effektivitet i kommunen – veslebror ser deg, og det kan føra til at innbyggjarane i kommunen får eit betre tilbod enn tidlegare.

Samstundes er det viktig at politikarane aksepterer prinsippet og ikkje lar det gå prestisje i egne vedtak og gamle rutinar som ikkje fungerer. Denne måten å tenkja informasjon på føreset både opne møte og opne haldningar – på alle sider av bordet

Vi gratulerer Steinkjer kommune og håpar at nyordninga vil fungera og vara ved – og at andre kommunar vurderer om dette kan vera ein modell å prøva ut.



Vidar
Høviskeland
er dagleg leiar
i LNK

Språktest til irritasjon

Framandspråklege som treng å dokumentere norskkunnskapane sine, har høve til å gjere dette gjennom ulike språktestar. Men språktestar for høgare nivå finst berre på bokmål.

TOYNI TOBEKK

Nyleg kunne Klassekampen fortelje om indiske Arvind Thattai som ønskjer å flytte frå England til Noreg, men som får problem med å søkje undervisningsstillingar ved norske universitet fordi språktesten ikkje finst på nynorsk. Thattai kan norsk, så problemet ligg først og

fremst i at han ikkje får dokumentert norskkunnskapen sin på den målforma han kan – nemleg nynorsk.

KRITISKE

Thattai har bede om å få avleggje testen på nynorsk, men det er berre muleg med somme deler av han. Dei fleste oppgåvene må han gjere på bokmål.

Universitetet i Bergen, som administrerer testen, seier det er økonomiske grunnar for at testen berre finst på ein målform. Til Klassekampen fortel UiB at sidan Bergens-testen er ein privat test, får han ikkje økonomisk stønad frå styresmaktene.

No må truleg Thattai ta eksamen i nynorsk på ein vidaregåande skule for å få dokumentert norskkunnskapen sin.

Både Norsk Språkråd og Noregs Mållag er kritiske til det manglande nynorsktilbod for studentar og arbeidssøkkjarar og krev at Bergens-testen vert tilgjengeleg på baa målformene

Fakta

Språktesten for høgare nivå kallast også Bergens-testen. Testen er utarbeidd av Universitetet i Bergen og Folkeuniversitetet. Medan dei andre språktestane, Norskprøve 2 og Norskprøve 3 for vaksne innvandrarak, finst i baa målformene, finst Bergens-testen berre på bokmål.

Notis

Betre tilbod for innvandrarak

Varaordførar i Suldal kommune Hans Sæter (Ap), vil ha eit prosjekt som kan betre norskopplæringa på nynorsk for nye landsmenn. Kommunen har fleire prosjekt i gang for å rekruttere nye innbyggjarar og erfaringane frå Indre Ryfylke viser at mange innvandrarak møter problem i arbeidslivet når dei lærer bokmål i vaksenopplæringa og treffer nynorsk på arbeidsplassen.

På eit møte mellom fylkesutvalet i Rogaland og Suldal kommune nyleg tok Sæter opp problemet og meinte at Suldal kommune kunne ta tak i problemstillinga, men ville ha fylkeskommunen med som alliert. Suldal kommune har i sine planar slått fast at alle som går i vaksenopplæring i kommunen skal lære nynorsk, men utfordringa er å få betre studiemateriell på plass.

Sæter peikar på at det ikkje berre i arbeidslivet det byr på problem. Når dei skal hjelpa egne barn i skulesamanheng får dei problem fordi dei lærer ulike målformene.

Landstinget

Velkommen til Vågå, Landstinget og Vågåseminaret 2007



Det er med glede Vågå ønsker Landstinget i LNK velkomen til Vågå-dagane 27. – 29. august. Det er ekstra hyggeleg at Landstinget er lagt til Vågåseminaret som har Kultur og næring som fast tema.

I tillegg til å bli inspirert av foredrag og inntrykk under konferansen og Landstinget, vonar eg også at du kan få inntrykk av ein kommune som tenkjer anleis, men er kreative og framtidretta i tenkjing og handling.

Årleg kjem meir enn 70 000 fotturistar til kommunen vår for å gå Besseggen, matentusiastar frå heile landet kjem til Vågå, Vianvang og Arne Brimi for ei unik matoppleving. Men Vågå er også den kommunen som har flest freda hus i landet, ei breidde av tradisjonsberarar av folkemusikkuttrykk, levande grender, urøyvd natur og positive innbyg-

jarar. At Vågå kommune nyleg vart utpeika som Barne- og ungdomskommunen i Norge, fortel om brei satsing for trivnad, involvering og framtid.

Velkomen til trivelege dagar i Vågå, Nord-Gudbrandsdalen og Nasjonalparkriket.

Rune Øygard
ordfører i Vågå

Oppturar og utfordringar

To år er gått sidan LNK sist hadde landsting. I løpet av perioden har Landssamslutninga vore med på gode oppturar og hatt spennande utfordringar å bryne seg på.

TOYNI TOBEKK

I løpet av dei to siste åra har sju nye kommunar vald å melde seg inn i LNK, i tillegg til fleire regionråd og interkommunale selskap. Per 1. april i år hadde LNK 111 medlemmer.

Dagleg leiari fortel at kommunar har blitt meldt ut av Landssamslutninga administrativt, men at politikarar i etterkant har kravd kommunen inn att. Tre kommunar har meldt seg ut av LNK sidan sist landsting.

PÅ SAKLISTA

Ein stor medlemsmasse krev sitt, og LNK har i åra som har gått satsa på å kunne ha gode medlemstilbod.

I fjor lanserte derfor LNK ei ny utgåve av "På saklista"-heftet. Eit formalisert samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane har ført til at høgskulen no har det fulle ansvaret for gjennomføring og kvalitetssikring av "På saklista"-kursa.

I tråd med den statlege satsinga på klårt språk har og LNK og HISF tilbod om kurs i «klårt språk». Også desse kursa er fagleg tilrettelagde av høgskulen.

LNK satsar på barn og unge, mellom anna gjennom kulturavisa Pirion. (bladbu- nad: SALIKAT DESIGN)

LØFT FOR BARN OG UNGE

Gjennom stiftinga Pirion er LNK og med og tilbyr Pirion-kurs. Desse kursa skal gje praktiske innspel til korleis barnehagar og småskular kan drive aktivt kulturarbeid med utgangspunkt i eigen kultur og eige nærmiljø.

Samarbeidsavtalar mellom LNK og Fagforbundet har dessutan resultert i at stiftingane Pirion og Magasinett har fått eit økonomisk løft dei siste åra. Gjennom samarbeidet med Fagforbundet ser LNK

for seg at målgruppa barn og unge skal få eit endå betre nynorsktilbod.

Fakta

LNK – ei kort soge

Landssamslutninga av nynorsk-kommunar såg dagens lys i 1993. Den 14 år gamle organisasjonen skal i år halde sitt åttande landsting i Vågå i Gudbrandsdalen.

Til rors i LNK-styret sit sunnmøringen Jan Magne Dahle. Han kjem frå Ørsta og har vore styreleiar for LNK i fire år. Dahle har, til liks med resten av dei i styret som er på val, sagt ja til attval for ein ny periode.

Kontorstaden til LNK er i Pilestredet i Oslo, midt i det nynorske landskapet, saman med avisa Dag og Tid og Norsk Barneblad. Dagleg leiari Vidar Høviskeland er einaste tilsette i LNK. Rekneskap-, informasjonsarbeid og konsulenttjenester elles kjøper LNK frå andre.

LNK-avisa kjem ut seks gonger i året. Nettstaden www.LNK.no vert dessutan oppdatert fem dagar i veka. Der kan ein og finne litt av kvart som er av interesse for nynorskfolk generelt og nynorsk-kommunar spesielt.

Landstinget

Samlast i Vågå

Vågå kommune og LNK skipar i august til Vågåseminaret, og er stolte over å kunne presentera eit variert og spennande program.

TOYNI TOBEKK

27. til 29. august er det klart for eit seminar som skal handle om kulturbasert næringsutvikling, utviklingstendar i eit distriktspolitisk perspektiv og reiseliv. Her blir det stort innrykk av folk frå fjern og nær som kan tenkjast å ha ei meining og interesse om temaet. Somme av dei skal vere der for å underhalde, somme for å inspirere, og somme skal kanskje irritere og egge til debatt. I løpet av Vågåseminaret/Landstinget skal også LNK halde årsmøtet sitt.

ATTRAKTIVT FOR UNGE

TV2-kjendis og bonde Inga Berit Lein vil vere til stades for å snakke om Kommunal- og regionaldepartementet sitt Bolystrådet. Lein sit sjølv i Bolystrådet, og ho vil snakke om korleis ein kan gjere distrikta meir attraktive for unge folk.

Musikar Jørn Hoel skal presentere eit nytt norsk talent på pophimmelen, som førebels er svært hemmeleg. Hoel skal og underhalde på natur-, mat- og kulturkvelden som finn stad i Arne Brimi sitt rike på Vianvang.

MILJØKRIG OG POESI

Det kan bli friskt når miljøvernar Kurt Oddekalv kjem for å diskutere innmark, utmark og utbygging med investor i Kvitfjell, Iver Hammeren. Same dag skal også regjeringa vere representert ved næringsminister Dag Terje Andersen. Han skal snakke om regjeringa sin reiselivspolitik.

Forfattaren Hilde Myklebust er småbrukar og poet og brukar landbruket,



Bonde Inga Berit Lein driv garden Lein Vestre og har utvikla gardsdrifta til også å vere ein pedagogisk ressurs. Som medlem av Bolystrådet kjem ho til Vågå for å snakke om eit attraktivt Bygde-Noreg. Foto: leinvestre.no

dyra og slekta som bakteppe i forfartarskapen sin. På Vågåseminaret kjem ho for å by på bitar av eit liv med både praktiske og poetiske utfordringar.

TILBAKE TIL HIPPIETIDA

Vidare kan ein få høyre om spa, innvandring, blilyst, breiband, coaching og energikampen. Og ikkje minst er det råd å få sjå musikalen Hair framført på gudbrandsdalsdialekt!. Det blir rock'n'roll,

song og dans til langt ut i seinsommarnatta i Vågå.



Jørn Hoel skal presentere ei ny stjerne på pophimmelen under Vågåseminaret. Foto: Per Heimly



Miljøkrigar Kurt Oddekalv skal utfordrast saman med utbyggerar på Kvitfjell. Foto: Fanaposten

Nynorsk i opplæringa

Ei av kjernesakene til LNK dei siste åra, har vore arbeidet med å få på plass eit nynorsk digitalt leksikon. Arbeidet er så langt ikkje krona med hell, men det skjer då noko. – Eit spørsmål om økonomi, fortel dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

TOYNI TOBEKK

LNK har vedteke å støtte arbeidet som Samlaget og Nynorsk kultursentrum gjer for å få til eit nynorsk leksikon på nett. I fjor gav Stortinget ei oppningsløyving til prosjektet, men Høviskeland legg ikkje skjul på at manglande finansiering er hovudgrunnen til at arbeidet ikkje har kome særleg langt. – Me opplever eit sterkt press frå medlemene våre i denne saka, og då spesielt frå skulane, så det er heilt tydeleg at dette er noko det er behov for.

SPRÅKLEG INTEGRERING

Det same kan seiast om ei anna av LNK sine fanesaker: Nynorsk læremiddel for innvandrarar. Dette er ei så viktig sak for organisasjonen at landstinget i 2005 vedtok å sende ut ei fråsegn med krav om at innvandrarar må få tilgang på norskopplæring på den målforma som kommunen har.

Fram til i fjor eksisterte det berre eit læremiddel, det nettbaserte Nynorsk Pluss som til no har vore altfor lite utbygd. Kunnskapsdepartementet løyvde i fjor midlar til utvikling av fleire læremiddel, men ikkje på langt nær nok, meiner Høviskeland. [Vidar Høviskeland] Arbeidsinnvandring vert viktigare og viktigare for Noreg, og me få til ordningar som sikrar "våre" arbeidstakarar rett til norskopplæring på ei språkform som gjer dei i stand til å skjønne språket og samfunnet rundt seg, seier Vidar Høviskeland.

UPRÅK TIL BOKMÅL

-Arbeidsinnvandrarar frå til dømes EU har ikkje krav til språkopplæring på same måte som til dømes flyktningar. Men dei har same behov.

Han syner til korleis arbeidsinnvandrarar, som i den grad dei lærer norsk, stort sett lærer bokmål, får eit språk som ligg langt frå dei dialektane dei møter på arbeidsplassen.

- Dei slit med å gjere seg forstått, seier Høviskeland. Han peiker på kor upraktisk dette er og seier kommunane må kunne tilby denne viktige arbeidsressursen skikkeleg språkopplæring.

KOMMUNAL KOMMUNIKASJON

Eit område som har peika seg ut som eit nytt satsingsområde for LNK sidan sist landsting, er kommunalt informasjonsarbeid.

- Her har LNK ein funksjon i forhold til medlemskommunane framover. Saman med Landslaget for lokalaviser (LLA) skal LNK mellom anna jobbe med eit svært spennande prosjekt knytt direkte til kommunal informasjon.

Prosjektet går på å lære journalistar i lokalavisene opp i korleis det kommunale systemet virkar, korleis ein kan hente ut informasjon. På den andre sida handlar det om å lære kommunane å tenke informasjonsarbeid og informasjonsstrategi; å kommunisere med aviser og media elles for å nå ut med informasjon frå kommunen.



Vi finansierer Kommune-Norge

KOMMUNEKREDITT

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter.

Me hjelper deg med:

låneoptak • finansstrategiar
samansetning og styring av låneportefølje
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering
bompengefinansiering

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no

Vågåseminaret

Turistane strøymmer til

Stryn marknadsfører seg som den største reiselivskommunen på Vestlandet utanom byane. Suksessfaktorar er naturen, nettverksbygging og eit miljø for næringsutvikling og nyskaping, trur ordførar Nils Petter Støyva.

SIGBJØRN HØIDALEN

Stryn kommune i Sogn og Fjordane har Briksdalsbreen, Stryn Sommarskisenter, Jostedalbreen Nasjonalparksenter, cruiseskipkaia i Olden, laks i elvane og ærverdig Alexandra hotell i Loen. Her er det opplevingar å hente for dei med feite lommebøker, men òg for dei med ikkje anna enn utferdstrong, stormkjøkken og telt. I fjor hadde reiselivsverksemdene i Stryn til saman 265.000 overnattingar, i kommunen som tel snautt 6.800 innbyggjarar.

- Kva gjer kommunen for at reiselivet går så bra, ordførar Nils Petter Støyva?

- Me prioriterer høgt å ha god kontakt med reiselivsnæringa både gjennom arbeidet med kommuneplanen og gjennom faste fora, svarar Støyva.

Stryn-ordføraren kan vise til den utøvande organisasjonen Reisemål Stryn & Nordfjord, der han sjølv sit som styreformann.

- Dette tør eg seie er eit av dei mest erfarne og profesjonelle destinasjonsselskapa i landet. Den årlige omsetninga er på kring 6 millionar kroner, og Stryn kommune gir kvart år eit tilskot på om lag ein halv million, fortel han.

Seks kommunar er med i samarbeidet. Kommunane sit med ein tredjedel av aksjane og privat næringsliv med resten. Reisemålselskapet har fire tilsette og hyrar inn ti turistvertar til sju turistkontor kvar sesong. Administrasjonen har sete i Stryn Næringshage.

- Stryn har 60 til 70 prosent av reiselivsomsetninga i regionen og er



Stryn-ordførar Nils Petter Støyva (Ap) brenn for reiselivet i Stryn og Nordfjord. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

difor ein naturleg motor. Dei hine kommunane ser fordelane av å vere med, forklarar Støyva.

Informasjonstavler og nyskapinga Nordfjord Vandrefestival, som blir arrangert i midten av august, er nokre av tiltaka ordføraren trekkjer fram.

- Er det andre ting kommunen gjer?

- Me har eit variert næringsliv. Gjennom generasjonar er det skapt eit miljø

for næringsutvikling. Å støtte opp under dette, er viktig for oss.

I 1992 bygde kommunen ei stor cruisekai i Olden. I fjor hadde kaia anløp av 58 skip med i alt 51.500 passasjerar. Om lag halvparten av cruiseturistane går på land og blir slusa vidare på utflukter opp Oldedalen, Briksdalen, Lodalen og andre stader. I tillegg til cruisekaia har kommunen gitt støtte og garantiar til ei rad andre turistsatsingar.

Eit meir uformelt nettverk er det så kalla Samforum, der kommunen og det private næringslivet jamleg kjem saman for å luften tankar om vegen vidare for Stryn. Her samkøyrer dei òg framstøytar mot staten og fylkeskommunen.

- Naturen har alltid vore vår største attraksjon. Men me må stadig følgje med på utviklinga for å få fram nye reiselivsprodukt, strekar Støyva under.

Notis

Kulturskular som rollemodellar

Time kulturskule på Bryne i Rogaland er saman med kulturskolen i Tolga i Hedmark plukka ut til å vere demonstrasjonskulturskular mellom 2007 og 2009.

Dei to demonstrasjonskulturskulane er valde på grunn av arbeidet dei gjer med å stimulere og utvikle barn og unges kreativitet og eit sterkt fokus på integrering av alle barn og unge.

Juryen som valde ut dei to kommunane blant elleve påmeldte har mellom anna lagt vekt på at skulane utmerker seg med si allsidige satsing på å gi brukarane tilbod i alt frå judo, afrikansk dans, biletkunst til animasjon. Kulturskulane satsar også

systematisk på inkludering av barn og unge frå ulike kulturar og med psykiske og fysiske funksjonshemmingar.

- Det er viktig å legge høva til rette for at barn og unge får gode kunst- og kulturopplevingar. Det føregår mykje spennande arbeid rundt i ulike kommunar, og eg håper demonstrasjonskulturskulane kan bidra til å spreie gode erfaringar til andre kulturskular, seier kunnskapsminister Øystein Djupedal i ei melding frå Kunnskapsdepartementet.

Oppnemninga er ein del av Utdanningsdirektoratet sitt prosjekt med demonstrasjonseiningar. Ein demonstrasjonskulturskule skal bidra med sine erfaringar overfor andre opplæringsinstitusjonar gjennom ulike arbeidsformer. Skulen kan og fungere som praksisplass og drive hospitering.

Dei to kulturskulane får 50 000 kroner kvar i to år.

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Vågåseminaret

Noreg sett med reisebriller



(Lofoten Foto: Kari Hamre, NPK)

Som turistmål er Noreg best i verda på vakker natur. Så startar problema med å skaffe innhald i slagorda, meiner reisebokforfattar Torbjørn Færøvik.

SIGBJØRN HØIDALEN

Asia-ekspert Torbjørn Færøvik har følgd i fotefara til Marco Polo langs foten av Himalaya og har reist med båt opp heile Yangzi-elva i Kina.

Når det kjem til fedrelandet sine prisar er han ikkje like begeistra:

- Snur eg meg rundt to gonger i ein matvarebutikk og går til kassa, kostar det 300 kroner. Medan ikring i fjella i Nepal kan eg reise for ein slikk og ingenting. I Asia har eg gjerne eit overnattingsbudsjett på 100 kroner natta og et gode måltid på gata for under 10 kroner. For backpackarar er Noreg først og fremst snarvegen til konkurs.

DEN MENNESKELEGE FAKTOR

Færøvik likar sjølv å sykle. Han har mellom anna tråkka Lofoten på kryss og tvers.

- Lofoten er eit av dei vakraste områda i verda, det er det ingen tvil om. Men så er det ikkje lagt til rette for turistar i det heile tatt. Eg opplevde dårlege vegar, mykje venting på ferjekaiane og at det var langt mellom butikkar og overnattingsstader. Eit problem er nok at turistnæringa så langt nord er veldig sesongorientert, samanlikna med til dømes eit land som Thailand, som kan ha høgse-song året rundt.

Færøvik fortel like fullt at utanlandske syklistar han møter på campingplassar i Lofoten og andre stader skryt uhemma av Noreg.

- Men dette er "lone rangers". Den store hopen av turistar er andre stader.

- Frå reisene dine i Asia er du vane med mykje folk. Kva har du å seia om den menneskelige faktoren i Noreg som reismål?

- Me er vel kjende for å vere litt reserverte og menneske av få ord. Og det er ikkje lett sånn over natta å bli veldig imøtekommande og gøyale. For dei som søker kontakt med store og sosiale miljø, kjem nok Noreg langt ned på lista. Eg har ikkje kome langt sørover i Europa, før eg merkar at det er livligare, innrømmer Færøvik.

- Noreg er eit stort land for naturinteresserte, konkluderer han.

REISEFILOSOFI

Færøvik, som saman med egne opplevingar og erfaringar blandar inn mykje skjønnlitterære referansar og historiske fakta i bøkene sine, har ein eigen filosofi kring det å reise.

- Som kvardagsmenneske blir me lett stive og alvorlige. Då er reiseopplevingar ein fin ting. Eg har stor tru på det å søke opplevingar, kunnskap og empiri gjennom rørsle, fortel han.

Sjølv om sex, prostitusjon og forureining er ei side ved den globale turismen, er han oppteken av at turistnæringa samla sett må oppvurderast.

- Eg blir stadig møtt med at turisme er noko mindreverdige, medan til dømes det å produsere korn og jarn er høgverdige. Eg meiner turisme er ei like høgverdige næring som mange andre. Det er noko alle dei som steller med reiseliv i Noreg ikkje må gløyme, seier forfattaren og reisefilosofen.



Forfattar Torbjørn Færøvik (Foto: Sigbjørn Høidalen)

DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdjustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millionar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

www.klp.no

KLP
FORSIKRING
For dagane som kjem



Vågåseminaret

Oppgjer med falsk byggeskikk

Samtidsarkitekturen har tronge kår. Byggeskikken i by og bygd er prega av å vere tilbakeskodande, konstruert og falsk.

LARS ARVID OMA

Det meiner Jan Nyberg. Han er redaktør ved kulturavdelinga i Bergens Tidende, og har ved fleire høve ytra seg kritisk til byggeskikken i det private- og offentlege rom.

- Sjå til dømes på dei store hyttefelta som dukkar opp rundt om i distrikta. Dei representerer i stor grad ein «kopieringsarkitektur» som ofte er ein hyllest til ei svunnen nasjonalromatisk tid, eller stilkopiar av arkitektur som ikkje har noko tradisjon i Noreg. Det er latterleg dersom ein ikkje gjer rom for ny samtidsarkitektur óg i hyttefelt, seier Nyberg.

SYMBOLEFFEKT

- Eg registrerer at det er ein tydeleg motvilje mot samtidsarkitektur, både i byane og i bygdene. Utviklinga har stoppa opp. Det er synd, for eg trur mange ikkje er



HANDELSSENTER. Dei mange handelssentra som er bygde ber i landet siste åra, vil neppe gå inn i arkitekturbistoria som god, lokal byggeskikk. Dette er Kvadraten på Husnes. (Foto: Tor Høvik, BT)

klar over mogelegheitene rundt samtidsarkitekturen med tanke på signal- og symboleffekten. I staden satsar ein på kjedeleg uniformering.

- Turistane spør ofte etter gode døme på moderne arkitektur. Men då har me

ikkje mykje å vise til, dessverre, legg han til.

- Har samtidsarkitekturen trongast kår på bygdene?

- Dei nye byggefelta har øydelagt mykje av byggeskikken på bygdene. Ein har satsa på billege og dårlege løysingar som har forflata estetikken. Det er fokus på «pampete» hus. Størrelsen betyr meir enn det estetiske.

- Men det burde ikkje vera vanskelegare å satse på samtidsarkitektur i bygdene enn i byane. Folk er stort sett like.

LÅG PRESTISJE

- Kva trur du er grunnen til at samtidsarkitekturen er blitt eit skjellsord?

- Det er vanskeleg å gje eit godt svar på, men eg trur det handlar om at arkitektur ikkje har hatt den store prestisjen i samfunnet. Den har stått svakt.

- Forstår du den folkelege motstanden mot samtidsarkitektur?

- Ja. Arkitektane har ikkje vore flinke nok til å formidle faglege synspunkt. Grundig offentlig debatt rundt arkitekturen er nesten fråverande. Når det er debatt omkring arkitektur, dreiar det seg mest om enkelthus. Det er svært lite diskusjon omkring heilheitlege arkitektoniske løysingar. Tidlegare la ein vekt på å utforme tettstadar og miljø. No sprer ein «villatankegangen». Det er uheldig.

Både fagmiljøet og den offentlege forvaltninga må ta tak i dette.

LØYSER OPP

- Kven skal bestemme kva som er god byggeskikk?

- Her må først og fremst arkitektane på banen. I staden for katalogløysingar bør ein satse på god og gjennomtenkt byggeskikk. Dette kostar, men på sikt vil ein tene på å la arkitektane få sleppe til i større grad.

- Ser du endringar på dette området?

- Det er teikn som tyder på at enkelte kommunar løysar opp regelverket, til dømes er kravet til tilpassing på veg ut, avsluttar Nyberg.

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølvsgt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

Notis

Pålegg Stortinget meir nynorsk

Sjølvs om Riksrevisjonen, Sivilombodsmannen og EOS-utvalet ikkje er underlagt mållova, har Sp fått kontroll- og konstitusjonskomiteen med seg på at også desse organa må skrive meir nynorsk.

Stortinget og underliggjande organ er ikkje underlagt mållova og er såleis ikkje pålagt å bruke minst 25 prosent nynorsk i alt skriftleg arbeid. Senterpartiets parlamentariske leiar, Magnhild Meltveit Kleppa, seier til NTB at det likevel er på sin plass med «ei mild påpeiking» om at organa bør bruke meir nynorsk enn dei gjer i dag.

I dag er alle dokumenta frå desse organa på bokmål. Spesielt Riksrevisjonen produserer ei stor mengd dokument, og fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen - Ap, SV, Sp og Krf - meiner dei bør bruke meir nynorsk og rapportere om målbruken kvart år.

Annleis tilnærming til nynorsken

Stoppen skole i Lier kommune i Akershus har hatt sett nynorsk på timeplanen på ein litt utradisjonell måte.

Norsklærer Thor Ivar Ugelstad ved Stoppen skole samarbeider med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og lærarkolleaga om eit prosjekt der ein skal bruke andre verkemiddel enn terping av grammatikk for å lære elevane nynorsk.

Til Drammens Tidende fortel Ugelstad at dei heller satsar på drama, teikneseriar og bøker for å inspirere ungdomsskulelevane. Skulen håper denne arbeidsmetoden også kan vere med på å bryte ned nokre av fordommane som finst mot nynorsk og ser gjerne at andre skular lar seg inspirere av dette prosjektet.

Flytande bunadfest

Verdas vakraste sjøreise er blitt endå meir staseleg. Den første «bunadseilasen» med hurtigruta MS Kong Harald er vel i hamn, og markerar starten på eit flunkande nytt reiselivstilbod.

LARS ARVID OMA

Bunadseilasen, som vart avslutta 8.mai, er ei særmerkt sjøreise frå Bergen til Kirkenes, lasta med det ypparste innan norsk tradisjon og bunadskultur.

Deltakarane får med seg sju dagar på sjøen og eit tettprogram med tilbod som; systove med aktive handverkarar ombord, dagleg bunadframvising ombord og på kai, folkemusikk og dans langs ruta, dagscruise i Geirangerfjorden med folkedans, minimesse med aktive utstillarar, film/foredrag om Hurtigruten og kystkultur, foredrag av kjente bunad-ekspertar og eit møte med den samiske kulturen.

BUNAD ER «IN»

- Men er ikkje dette med bunad litt gamaldags?

- På ingen måte! Det er tvert om «in» i tida. Dette er eit tilbod for folk som er interesserte i norsk kultur. Interesse er stigande, og folk er bevisste på kva bunaden betyr, seier dagleg leiar i arrangørselskapet Anne Aamodt AS «Unike opplevingar». Ho er godt nøgd med oppslutninga, og er overtydd om at den kjem til å stige etter kvart som tilbodet vert kjent. Rundt 400 aktørar deltok under reisa.

DIREKTE KONTAKT

- Kva ynskjer de å oppnå?

- Hovudmålet er å få fram den rike kulturen vår, og vise flest mogleg innhaldet i den rike bunadtradisjonen. Me ynskjer å koma i direkte kontakt med folk.

- Kven er det som nyttar seg av tilbodet?

- Denne gongen var det flest nordmenn, men meininga er å marknadsføre tilbodet i Tyskland og USA. Dette skal vera ei unik og eksklusiv reise med fagpersonar og høg profil, understrekar Aamodt.

Bunadseilasen vert arrangert ein gong i året, i samarbeid med Hurtigruten.



(Foto: Andris Fyrstro)

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Notis

100 000 til forfattar

Forfattaren Finn Øglænd har fått det første Løland-stipendet på 100 000 kroner. Forfattaren vart vald ut mellom 35 søkjarar til stipendet. Det er Rogaland fylkeskommune som skal gje dette stipendet årleg for å fremje tilfanget av nynorsk litteratur for barn og unge. Storleiken på stipendet vert fastsett i budsjett-samanheng.

... kommunen er i en situasjon at for å få nye ting, må vi ta på oss. Dette skryt på de kommentarane som rapporterte om i. Han peikar på at desse analysene berer at pressen de te tenestene har a vesteringsnivået i n fører til at det amt, og prioritas Sveio komitee i Bert mykje. Det g ønskeleg å legge bester eller at ten for dei rammer n er tildelt utan at e era vekk andre tent rapporten g på n rapporten er i grunn til uro. Både for halda fram med rt sett i gang siter ten og følg opp erlegare tiltak Mellom det som p til, er ein total gje alle tenesteeiningar på å få fram ans sial. I dette beir ta retta seg: ingar som ar nes kapsutvi ng. n vil og kart lja på einingane la ika omsittin av r sjå til at de r tv rdering av ledige s ysing av desse. erne delegasjonsr al gjennomgåst edell for tildag i rsar til skul sk beidet med a et ministrativt kon a på å frigje des da fram. Det går vilt fr apira at dette er ed sjølvstyrte eit nssippet er at ein s resultatet i es ann er kom rat eg, men den krev i n totalt sett g one krev enno st ar aplin. Tala for først halv overforbruk på til llionar kroner. Ra barnehage e uk på 3,1 biljo ma opp i 3,7 so rt gjort korvarin eområde helse o ner overforbruk på e og vil kunna kort som det i se dringar. På fanc atteinnkoma ka, ste halvår. reskøyta «Haugøy i Foldroyen i 04, men er snar tu no ikkje f i es kommuner i ellom anna tvang 0.000 kroner Gefe Saka har vore flei mmunen etter deti vart vurdert auka mer. Eigaren kl vedtaket. I nde difor sak e ei annen i vint. Der e månader i. By ne fekk til svar i ne saka er i. F n klageinstan av n sjølv kan avgjer n dette med direk

PORTRETTE

Nynorsking med sans



Arne Johannessen vekependlar frå Sogndal til Oslo, køyrer snowboard og padlar kajakk, har eit drivande engasjement for jobben sin og brukar nynorsk på tv utan å blunke.

TOYNI TOBEKK

Kontoret til Arne Johannessen er i sjuande etasje, midt i Oslo by.

– Fin utsikt, konverserer vi og ser ut over hustaka som badar i sol denne heite vårdagen. – I den grad du kan snakke om utsikt, kjem det tørt frå Johannessen. Sjølv er han glad for kvar fredag han kan køyre heim til Vestlandet.

VESTLAND, VESTLAND

Han bur ikkje i Oslo, han bur i Hafslø i Sogndal og pendlar kvar veke mellom jobben og heimen.

– Eg trivst fantastisk godt med jobben min og i rolla mi. Men eg kunne aldri tenkje meg å flytte frå Vestlandet, og då får eg ta med meg det pendlarlivet har å by på av utfordringar, seier han og hintar til den lange køyreturen han har føre seg kvar helg.

– Det er 75 mil tur retur, så det blir nokre timar i bil. Men tida bruker eg mest til å snakke i mobilen, eg får gjort unna mange samtalar. Litt filosofering over saker, planlegging av møte og litt Johnny Cash blir det og tid til.

MÅLPRISANE HAGLAR

Nyleg fekk Arne Johannessen tildelt den tredje målprisen på under to år. Noregs Mållag ”synest det er flott at ein fagforeningstopp som er så mykje framme i media vel å bruka nynorsk”, og gav han likegodt Målprisen 2007. Tidlegare har han fått målblom av Hordaland mållag og Luster mållag.

Arne Johannessen har sagt det før og han seier det gjerne igjen: – Det er løye at du skal bli heidra med ein pris for noko som er så naturleg.

Før han legg til:

– Tre prisar på to år. Det var no i meste laget, det, sjølv for ein ubeskjeden ein som meg.

BOKMÅL ANNANKVAR GONG

I løpet av si karriere som leiar for politiet si fagrørse har han aldri skrivne noko anna enn nynorsk, aldri

Arne Johannessen har aldri brukt noko anna enn nynorsk i jobben sin. (Foto: Vidar Alfarnes)

for fart og spenning

snakka noko anna enn sognemål. Han og Anders Folkestad i UNIO er dei einaste som brukar nynorsk i fagbladet Politiet, og Johannessen er den einaste som brukar det konsekvent.

- I starten fekk eg spørsmål om eg ikkje kunne skrive bokmål i alle fall annankvar gong, minnest han. Det var eit spørsmål han ikkje tok særleg alvorleg.

Også tida på politiskulen var utfordrande for nynorskeleven Johannessen. I klassen hans var dei i alle fall to elevar som brukte nynorsk, medan ein annan stakkar var berre ein. Dei var under stadig press for at dei skulle skrive på bokmål.

- Lærarane syntest det var eit ork med det skriftlege arbeidet frå oss nynorskbrukarar. Sjølv var han ikkje ein gong førebudd på at det skulle vere ei sak.

DIALEKTEN PENDLAR

Med tida meiner han å ha merka ei endring i haldninga til nynorsken og til dialektbruk. Ingen klagar på nynorsken i Politiet lenger. Han får derimot rett som det er kommentarar på at han snakkar dialekt på tv og i radio, og då er det mest skrøyt å få. Men han medgjer at også dialekten hans pendlar: Det blir moderert sognemål i vekene og "sognemaol" i helgene.

- Det er berre for å gjere språket litt enklare når eg snakkar i media. Når eg kjem heim til Sogndal, kan du ikkje høyre skilnad på meg og andre sogningar.

TILBAKE I UNIFORM

Johannessen har vore i Oslo sidan 1988. Først er han vald som leiar av Politiets Fellesforbund fram til hausten 2008.

- Eg tar ein valperiode om gangen, seier han når me spør kva han tenkjer om framtida. - Men eg ser absolutt for meg at eg sig tilbake til polititena etter kvart.

Eit vikariat som lensmann i Sogndal i 2 ½ år er einaste avbrotet på den nesten tjue år lange Oslo-karrieren, og det gav på ein måte meirsmak. - Det var moro å vere tilbake i den eigentlege jobben, eg trivest godt i den rolla og.

RÅSKINN

Mykje av den tida han ikkje brukar på å jobbe, går med til å dyrke friluftsinnteresser. Den ultimate opplevinga hadde han nett ei helg i vår: Ei god opplading med snowboard og telemarkskøyning ispedd ein 7-8 timar langt skitur til fjells.

- Det var langt, bratt og høgt.

- Fjellklatring?

- Ikkje akkurat klatring, men me måtte ta av oss skia nokre plassar ja.

Det er lite som minner om skiføre utanfor det opne vindauget. Den varme bylufta sig inn over oss. Oslo kan og hoste opp nokre alternativ for eit friluftsmenneskje, fortel Johannessen. Han sykklar i Nordmarka, spring langs Akerselva og har til og med tatt kanoen med seg til storbyen.

- Men du verden så elendig det er i forhold til Vestlandet!

SLAPPE OM RUS

Ei anna bekymring han har som han meiner distrikta og bygdene kjem til å møte meir og meir, er det likskaps-teiknet ein kan setje mellom rus og vald.

- Mange kommunar er utruleg slappe i ruspolitikken sin. Kommunane evner ikkje sjå samanhengen mellom valdskriminalitet, debutalder og ruspolitikk.

Konsekvensane meiner han det er politiet og helsevesenet som må ta. - I nedgangstider bygger kommunane ned barne- og ungdomstilbodet, men bygger dei det opp att no når økonomien er god att? utfordrar han.

Ein restriktiv alkoholpolitikk og gode foreldreroller meiner han er alfa og omega viss bygda skal ta vare på ungdommen.

- Det bør vere like lett å miste eit skjenkeløyve som å få eit.

Å oppdra foreldra er kanskje litt verre.

- Å snakke om dop er greitt, men når me skal diskutere alkohol blir det vanskeleg. Då ser dei ned i golvet. Alkohol er vaksengenerasjonen sitt eige rusmiddel, og å diskutere det blir for nære heime. Narkotika har dei vaksne meir på avstand.

VANLEGE FOLK PÅ LENGRE TID

Johannessen har stor tru på ungdommen, han, uansett kva krimstatistikken seier. Og krimstatistikken seier no forresten at det er eit lite fåtal av dei unge som blir kriminelle:

- Mi erfaring er at dei aller fleste skikkar seg. Dei unge er i ein periode i livet der dei er utagerande. Dei fleste blir jo vanlege folk, nokon brukar berre litt lengre tid på det.

Oppskrifta på eit godt samfunn meiner Johannessen er eit der folk får falle utfor, men der samfunnet fangar deg opp att og får deg på rett spor. Det er betydeleg billegare enn å støyte folk ut, meiner han.

- Det må vere ein viss feilmargen når ein er ung, me må gje folk ein sjanse. Viss den unge så vel å ikkje gripe den sjansen, må det heller få større konsekvensar.

MOPEDIST PÅ VILLE VEGAR

Nett slik ein feilmargen opplevde han sjølv å bli tildelt i ungdommen. Den unge rabbagasten Arne Johannessen blei ferska i ulovleg mopedkøyning av lensmannen heime.

- Eg fekk ein sjans der og då, til å kome meg heim og aldri gjere noko slik att. Hadde eg prøvd meg igjen, hadde det blitt bot. Det er ein måte å handtere folk på som eg har tatt med meg vidare i mitt virke.

Dei fleste blir jo vanlege folk, nokon brukar berre litt lengre tid på det

SJØLVJUSTIS

Synest han som politi det er store skilnader på by og land? spør me.

- Det er mindre skilnad mellom ungdommen på Bømlo og ungdommen i Oslo no enn for tjue år sidan, meiner han. Den store tilgangen på informasjon påverker også ungdomsmiljøa. - Trendar og kulturar spreier seg fort, dessverre også innan kriminalitet.

Den største utfordringa for Disktrikts-Noreg, sett frå ein kriminalpolitisk ståstad, meiner han er todelt. Stor geografisk avstand mellom folket og politiet er eit stort problem. Små kammer må dekke for store og for mange område.

- Folk gidd nesten ikkje ringe politiet når dei veit at dei ikkje rykker ut eller at dei vil bruke lang tid på å kome til plassen. Alternativet kan bli at folk "ryddar opp" sjølve.

Han vil ikkje henge ut nokon einskilde, men seier politiet ser tendensar til at folk byrjar å ta skeia i eiga hand og til dømes bankar opp kriminelle.



Namn: Arne Johannessen

Alder: 49

Bur: Hafslø i Sogndal

Sivilstatus: Gift, 3 barn, 1 barnebarn

Yrke: Politi, for tida leiar i Politiets Fellesorganisasjon

Førebilete: Oddvar Brå og Knut Knutsen, folk som er dyktige i jobben sin uansett kva jobb dei har

(Foto: Vidar Alfarnes)



Språkråd



Jan Olav Fretland - førsteamanuensis i norsk - medlem av Norsk språkråd.

Er du øg best utan ball?

Slik er det iallfall med meg. Særleg no for tida, når eg går med krykkjer og sniglefart. At dette skal vera noko å trakta etter for ein fotballsparkar, det slit eg derimot med. Men høyr på Nils Johan Semb og Åge Hareide og dei andre gravalvorlege fotballkarane: Best utan ball i bakrommet er topp! Det er no elles ein slags dårleg komedie, heile dette fotballsirkuset. I alvorlege debattar om landbruksoppgjjer og oppgjjer mellom Bush og Castro sit ministrar og profesSorar med opne skjorter og ledig stil. Men skal nokon referera frå eit middels oppgjjer i 2. divisjon, aular det av stivstroknede karar med slips og bleser. Det er noko religiøst over det, høyr berre på tungetalen deira: Berre på ei fotballbane kan du vera i bakrommet. Eg trudde lenge det var bak mål, men det er feil.

Eg trudde lenge ein dødball var noko trist, men det er visst berre at ballen ligg i ro når dei sparkar til han. Det er ikkje noka dør ved dørlinja, heller, eller nokon vegg når du spelar vegg, om du trudde det. Det er tungetalen, preikespråket i fotballen. Ein løpeball er ein ball du skal springa etter, ein tøtsj er eit kort spark, ein flikk er eit endå kortare og ei langpasning eit langt spark. Det finaste du gjer er å leggja ei langpasning som blir ei gjennombrøtspasning i lengderetninga i bakrommet. Viss då ein luring der i bakrommet, snik seg attom "den bakre firaren" (nei, det er ikkje kajakk, men fire backar!) er god også med ball, kan han fort putta ein kjapp ein i kassa, eller i boksen. (Nei, det er ikkje råprat, det vil seia at han lagar mål!) Og går det fort og elegant for seg, ropar dei stivstroknede med bleser: "For en dramaturgi!" Nei, dei er ikkje på teater, det betyr berre at dette var godt gjort, eller "... tatt rett ut av læreboka", som det moterett og kan heita. Og leiarane set ut og set inn folk som hestar frå stallen, og den sveitte utsette som laga målet, får standard-spørsmålet om korleis det følte, og stønnar fram mellom pesinga i dramatisk presens: "Eg får ballen frå Kikken, ser opninga i bakrommet, spelar eintøtsj med Kikken og får kula på halvspretten. Mitt største øyeblikk på matta så langt!"

Ja, det er sikkert sant. Men for ein språkman er det langt mellom dei store øyeblikka på fotballbana. Somtid er eg freista til å prøva med "obstruksjon" mot dei stivstroknede. Å snakka så sjølvhøgtidleg om noko så uviktig tyder på mot – eller reinheklela toskeskap.

For dårleg tilbod

- Det er utrueleg mange dårlege skulebibliotek rundt om i kommunane i landet, seier Anne Hustad, Leiar i Norges Bibliotekforening (NBF) og medlem av styringsgruppa for kampanjen skulebibliotekLøftet.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Ifølgje tal frå ABM utvikling ligg Noreg langt bak både når det gjeld medieinnkjøp og drift av bibliotek per innbyggjar, samanlikna med nabolanda Finland og Danmark.

Saman med samarbeidspartnarar i elleve andre organisasjonar frå utdannings- og kultursektoren, vil NBF med kampanjen skulebibliotekLøftet synleggjera biblioteka si rolle i informasjons-samfunnet og bidra til å gje alle eit like godt skulebibliotektilbod.

DEMOKRATI

Som del av eit demokrati skal alle innbyggjarar ha lik og gratis tilgang til litteratur, seier Hustad. Ho vil jamna ut bibliotektilbodet til skuleungdom. I dag er staa så som så rundt om på skulebiblioteka. - Eg kjenner til skular der det kun er skap med bøker eller rom utan bøker eller med lite utval, seier Hustad. I tillegg er det i mange kommunar ikkje kvalifiserte bibliotekarar. Hustad kjenner til mange skular der det kun er ein lærar som hjelper til med å levera ut bøker 2-4 timar i veka.

Og tala frå ABM utvikling er med på å underbygga dette. Medan Finland og Danmark brukar om lag 5000 årsverk i folkebiblioteka, er det under 2000 årsverk i dei norske.

Forskrifta om skulebiblioteket i opplæringslova er ifølgje Hustad alt for vag og skulebibliotekaksjonen går inn for å endra det som står i denne.

SAMLINGSSTAD

Eit skulebibliotek skal vera eit godt reiskap i læringsprosessen, seier Hustad. Det skal vera ein stad der alle trivs og skal romma både fag- og skjønnlitteratur, understrekar ho. Andre viktige faktorar for læring og sosial kunnskap er tilgang til datamaskinar, læremiddel og spel.

NYE RETNINGSLINJER

I slutten av mai gav Anne Hustad retningslinene frå IFLA/UNESCO som gjeld skulebibliotek til Kunnskapsminister Øystein Djupedal. Desse vil og bli sendt ut til skular, skulebibliotek og folkebibliotek i heile landet for å auka merksemda om utviklinga.



Anne Hustad er leiar i Norges bibliotekforening (NBF) og ivrar etter å betra skulebibliotektilbodet rundt om i kommunane i landet.

DEMONSTRASJONSSKULE

Hustad legg og vekt på at det er mange gode skulebibliotek rundt om landet og viser til Vahl skule i Oslo der skulebiblioteket har utvikla seg til å bli eit verkstadsbibliotek eller "eit forlenga klasserom".

Biblioteket er ope kvar dag og alle aktivitetane er timeplanfesta. Skulebiblioteket er base for tema, prosjektarbeid og forståingskontroll. Aktivitetar som forteljarstunder, rollespel, animasjon og data er tilbod for å styrka språkutviklinga.

I samanheng med at Vahl skule er blitt kåra til demonstrasjonsskule, har skulen og biblioteket hatt fleire besøk både frå inn- og utland. I tillegg har bibliotekar Gry Enger gjesteførelst ved ulike lærestadar og bibliotek.

Vil du lesa meir om dette skulebiblioteket på Vahl skule kan du gå inn på:

<http://www.vahl.gs.oslo.no/skolenvar/biblioteket.htm>

Notis

Betre bibliotek i framtida

Utgreiinga «Bibliotekreform 2014» seier at norske bibliotek i 2014 skal ha eit sterkare fokus på formidling og allmenn tilgang til digitalt innhald. For å oppnå dette må det satsast på felles digitale tenester og større bibliotekeiningar. Utgreiinga har nett vore på høyring. (Kjelde: NPK)

Berre for byfolk

Er du frå ein kommune med mindre enn 10 000 innbyggjarar har ikkje regjeringa bruk for deg. Svært uheldig for samfunnsutviklinga, seier Ap-ordførar i Vågå, Rune Øygard, som ser langt på veg dei same trekka når nye tankar skal tenkjast i dei ulike partia.

EINAR SCHIBEVAAG

Bur du i ein av dei 333 kommunane som har mindre enn 10 000 innbyggjarar er det lettare å få sju rette i lotto enn å bli mellom dei regjeringa ynskjer skal koma med innspel på korleis private og offentlege oppgåver kan løysast.

Desse kommunane utgjer 2/3 av kommunane, og regjeringa har berre plukka ut 10 av 176 medlemmer frå desse kommunane til slike utval. Dei same kommunane representerer 1 220 500 av innbyggjarane i Noreg. Skulle me dela utvalsmedlemmer matematisk, ville det gitt desse kommunane rett på 45 medlemmer i slike utval.

Vågå-ordføraren er ikkje åleine mellom LNK-ordførarane om å meina at det er ein uheldig praksis at mindre kommunar ikkje er representert i slike utval. 95 prosent av dei som har svart på ei kartlegging mellom ordførarane i LNK-kommunane står opp om synet hans.

DOBBELT SÅ MANGE

Til samanlikning er folketalet i Oslo og Akershus 1 058 000, noko som forde-



Statsministeren Jens Stoltenberg si regjering finn mest berre byfolk som brukande til å kome med råd til samfunnsutviklinga (Foto: NPK)

lingsvis skulle gitt omlag 38 utvalsmedlemmer. Dei fekk 84 medlemmer. Denne skeive fordelinga forklarar kvifor seks fylke har mindre enn to prosent av utvalsmedlemmene. Desse resultatene viser at Distrikts-Noreg langt på veg er sett på gangen i omtrent alt statleg utgreiingsarbeid i denne to-årsperioden.

- Konsekvensen blir at det i slike utval blir tenkt likt og det blir som oftast lite tenkt, seier Øygard

Vågåordføraren hevdar han har kritisert denne utviklinga overfor sentrale partikolleagar tidlegare, men det kan synast som om dei sentrale partileiingane ikkje ganske forstår alvorret. Øygard

er redd det er med å forsterkar den sentraliseringa landet er inne i når det akademiske bymiljøet til dei grader er overrepresentert i utviklinga av Noreg.

- Ein høgkonjunktur som me er inne i no gjer sentraliseringa endå sterkare. Derfor er det viktigare enn nokon gong å ha fokus på at fleire får vera med å leggja premissane for utviklinga av landet, som me ynskjer skal utvikla seg på ein annan måte enn no.

Han meiner det ikkje lenger kan stikkast under ein stol at måten utveljinga skjer på syner at det er dei same miljøa som går igjen, og som dermed legg premissane for utviklinga av landet.

- Det er heilt avgjerande at den som har skoen på, óg får vera med å leggja føringar på eiga framtid.

PARTIA HAR SAME PROBLEM

Problemet, slik Øygard ser det, er at også partia slit med denne måten å tenkja på. Det er dei same som går att når nytt skal tenkjast. Det hindrar utvikling, men og rekruttering til å vera folkevald, trur Øygard.

VIKTIG AT ALLE KJEM TIL ORDE

Det er uakseptabelt, det som kjem fram i kartlegginga, seier fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Nils R. Sandal (Sp). Fylket har fått ein av 176 medlemmer med i regjeringsnedsatt utval. Sandal ler når han forstår at dette er ein auke på ein sidan ei tilsvarande kartlegging blei gjennomført for ti år sidan.

- Dette viser at regjeringa ikkje har bruk for innbyggjarane mine når t.d. den vil ha råd når eksisterande statlege ordningar og verkemiddel skal vurderast.

Personar frå mindre kommunar og samfunn har mykje å bidra med i slike utval og slik det no er, undergrev dette tilliten til folkestyret

- Eg meiner rett ut det er eit slag mot det folkestyret me er ein del av, og eg vil sjølv ta dette opp med eige parti for å endra denne praksisen.

Fotfolket får ikkje påverka

Er du industriarbeidar, sjukepleiar, bonde, sekretær eller husmor er det lite sannsynleg at du sit i eit regjeringsoppnemd utval.

EINAR SCHIBEVAAG

Svært uheldig, dersom regjeringa vil utvikla landet vårt som eit demokrati, meiner Jørgen Amdam, professor ved Høgskulen i Volda.

- Demokratiske prosessar krev at mange ulike tunger skal vera med å forma framtida, og ikkje slik regjeringa no gjer ved å overlate det til ein akademisk elite.

- Ein tankevekkjar, seier parlamentarisk leiar for senterpartiet, Magnhild Melteit Kleppa. Det er avgjerande viktig at det er brei geografisk og yrkesmessig bakgrunn mellom dei som skal vera med i slikt arbeid på vegne av regjeringa.

I 2005 og 2006 viser 16 protokollar frå statsråd at 176 personar er peika ut til å delta med innspel til korleis offentlege og private oppgåver skal løysast. Men Bondevik 2 regjeringa, og no Stoltenberg-regjeringa, har altså ikkje funne nokon grunn til at desse utvala skal spegla samansettinga i folket.

UNIVERSITETSMILJØ, STYREROM OG RETTSSALAR

Er du professor, advokat eller direktør står døra open. Heile 117 personar representerer desse gruppene i utval som skal bidra til samfunnutvikling. Er du til dømes bonde, sjukepleiar eller industriarbeidar finn regjeringa ikkje plass til deg. Berre to av 176 er lærar.

GISSEL I UTGREIINGA

Med ei slik samsetting blir folk flest fort gissel når utvala kjem i arbeid, hevdar Amdam. Ei slik profesjonalisering vil riva ned respekten for folkevalde sitt arbeid og dermed spennja beina under gode og opne demokratiske prosessar.

- Å få fram kritisk kunnskap som ikkje representerer etablerte miljø er derfor svært viktig.

Kleppa på si side meiner kartlegginga viser at kunnskapen mange folkevalde sit på blir undervurdert. Ho meiner det er heilt naudsynt med praktisk erfaring og sunt folkevett.

- Kompetanse som ikkje treng ta omsyn til ulike fagleg konfliktar i det akademiske miljøet.

SJÅ BREIARE

- Brei representasjon er viktig og eg veit at regjeringa no har eit arbeid i gang for å hindra den utviklinga som kjem fram i denne kartlegginga.

Kartlegginga viser at ein alt for lett leitar i dei same miljøa når offentlege råd og utval skal setjast ned.

BETRING FOR KVINNER

Ei tilsvarande undersøking blei utført 1995 og 1996 og den viser same tendensen som kjem fram i noverande kartlegging. Einaste skilnaden er at fleire kvinner har fått plass i utvala. Medan det då berre var eitt av tjue utval som var leia av kvinner er situasjonen no seks av seksten.

Fakta

Kvart år blir det i statsråd sett ned ulike utval som skal greia ut spørsmål eller vurdere eksisterande statlege ordningar og verkemiddel. I 2005 og 2006 har me sett på samansettinga i 16 slike utval med til saman 176 medlemmer. Det viser at:

· 47,0 prosent av utvalsmedlemmene bur i Oslo og Akershus

· Det er berre ein utvalsmedlem frå Sogn og Fjordane, Aust Agder, Telemark og Østfold

· 93 prosent av utvalsmedlemmene kjem frå kommunar med meir enn 10 000 innbyggjarar

· Ingen utvalsmedlemmer er sjukepleiar, industriarbeidar, bonde, sekretær eller husmor

· 33,0 prosent av utvalsmedlemmene er direktør eller dagleg leiar

· 20,7 er professor, 1.amanuensis eller likande

Kjelder: Offisielt frå statsråd 2005 og 2006



- Prospektet reklamerte med tunte då Tormod og Turid skulle kjøpa garden. Det har blitt leikeplass for ungene. (Foto: Ingrid Hillestad)

Reiste frå karri

Familien på fem har lagt karriere og byliv bak seg. No gjev dei nytt liv til ein gammal fjellgard på Evanger i Voss.

INGRID HILLESTAD

Foreldre, born, eit lam og nokre høns er i full sving på tunet. Det er laurdagsfri og vårsol. Området rundt den gamle skykkja skal bli uteplass, og Turid Sundt fortel korleis dei ser det for seg.

- No har me flytta til draumeplassen, meiner ho.

For snart tre år sidan kom familien Sundt med flyttelasset over fjellet austfrå for å slå seg ned på den nedlagte fjellgarden på Elje i Evanger i Voss kommune.

GAV OPP KARRIERE

- Me studerte på Ås og møttest der. Etterpå flytta me til Oslo der eg byrja på doktorgrad, men eg fann etterkvart ut at det ikkje var noko for meg, seier Turid.

Frå Oslo gjekk ferda vidare til Hov, og Tormod jobba nokre år i bilindustrien på Raufoss.

- Det er morosamt med bilar, men eg sleit etterkvart med å finne mening i alle ressursane som blir brukte på til

dømes utforminga av ein støtfangar. Me trudde me var nøgde med jobbane me hadde, men eitt eller anna mangla, forklarar Tormod.

FYLLER FRYSAREN

Paret serverer risgraut i den kvitmalte, enkle, men samstundes moderne stova i gardshuset.

- Safta er heimelaga, kommenterer Turid.

Det blei plukka fleire liter blåbær, bringebær og rips førre sommar. Kjøtt frå hjort og reinsdyr fyller også frysaren. Familien er omgjevne av rike naturressursar, og neste plan er å lage straum

av vasskrafta dei eig. Å restaurere eit par av uteløene til overnattingsstad for turistar, er også eit prosjekt dei tenkjer på. Litt gardsdrift er dei i gang med. Tormod vaks sjølv opp på gard i Kvikne i Østerdalen, og han visste såleis noko om kva han gjekk til då dei kjøpte vestlandsgarden.

ØKOLOGISK SPELSAU

- Eg ser verdi i å ha jord og kunne produsere mat, seier han.

Paret synst også det er verdfullt å ta vare på gamle dyrerasar. Så langt har dei skaffa seg tolv eksemplar av rasen gammal norsk spelsau. Målet er trede-

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen



Høns vandrar fritt rundt på tunet på Elje. Turid vatnar plantene i bakgrunnen. (Foto: Ingrid Hillestad)



Lammet er ein populær leikekamerat for Signe Pia, Torolv og Tellev. (Foto: Ingrid Hillestad)



Tormod Sundt planlegg å lage straum av vasskrafta dei eig. (Foto: Ingrid Hillestad)

erejaget

Dei fortel at denne rasen har lågare slaktevekt enn andre sauer, og såleis er han mindre økonomisk, men dei ser likevel fleire fordelar med den gamle spelsauen.

- Dei er betre på beiting. I tillegg lammar dei sjølv og er meir sjølvhjelpne. På den måten blir det mindre arbeid, forklarar dei.

Den vel 500 mål store garden, med innmark, utmark og skog, driv dei økologisk.

TRAVLE DAGAR

At den unge familien hamna på ein fjellgard i Evanger, var i grunnen tilfeldig. Dei haddde planar om å flytte vestover og tenkte på Vossevangen, der Turid vaks

opp. Men ei venninne kom over garden og meinte han måtte vere perfekt for familien Sundt. Tormod blei lysten på å slå til etter ein tur vestover for å sjå staden, medan Turid måtte tenkje seg om. Tvilen forsvann raskt. Ikkje berre har ho funne draumeplassen, men etterkvart har ho også fått ein fleksibel jobb som ho trivst svært godt i og kan kombinere

med gardslivet: halv stilling som avlsrett-leiar i Norsk Sau og Geit. Det har også ordna seg med full ingeniørjobb for Tormod. Dagane har blitt travle, og etter ei omvisning på garden må Turid hive seg i bilen og køyre ned dei krappe svingane til butikken i Evanger.

- Eg skal selje lodd for Musikklaget, unnskyldar ho.

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI VAKSNE LES, FORTEL OG SYNG FOR UNGANE MINE»

Pirion

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Abonnementet kostar 175 kroner (Studentpris: kr 145,-). Nye tingarar får også tilsendt nr. 4/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnehage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:



Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.



www.pirion.no

Du kan og tinga Pirion per e-post: pirion@norsk-plan.no

Arroganse frå sentrale strok

Avgangsklassane i norsk fekk berre to av tju oppgaver på nynorsk då siste eksamen skulle avviklast i grunnskulen.

EINAR SCHIBEVAAG

- Det føyer seg inn i den arrogansen som sentrale strok viser distriktskommunane som og er flest nynorskkommunar,



Ordfører i Lom, Simen Bjørgen (Foto: Einar Schibevaag)

seier Bjørn Christensen, ordfører i Voss kommune.

Tysdag 22. mai arbeide avgangsklassane i ungdomsskulen med eit teksthefte til norskeksamen

som berre inneheld to nynorsktekstar av i alt tju tekstar.

Det var direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, som før eksamen på vegne av fleire skular retta sterk kritikk mot denne praksisen. Det er eit åtak på grunnlaget for at nynorskbrukande elevar blir verande nynorskbrukarar.

- Med så få nynorsktekstar inviterer det til å skrive bokmål, uansett kva fagleg nivå elevane er på, seier Grepstad.

EIT VARSKU

No reagerer representantar på Stortinget også på denne haldninga.

- Dette er eit varsku som verkeleg må takast på alvor, seier parlamentarisk leiar for Senterpartiet, Magnhild Meltveit Kleppa.

Kleppa meiner haldninga til utdanningsdirektoratet viser at det diverre er langt mellom vakre ord om jamstilling og det som faktisk er kvardagen for mange nynorskbrukarar.

- I år er saka tapt, men eg vil oppmoda kommunane til å ytra seg om praksisen me ser her og på andre område om jamstillinga mellom dei to målformene.

BLIR LEI SEG

Denne utfordringa ser Vossaordførar Bjørn Christensen klart, og han oppmodar alle LNK-kommunar til å reise krav om at jamstillinga mellom målformene blir respektert, slik at elevar med nynorsk målform ikkje opplever seg som annanrangs.

- Eg blei lei meg nå eg høyrde om denne saka. Diverre er dette ein arroganse sentral strok viser overfor fleire område som distriktskommunane er opptekne av.

SEI I FRÅ

Nynorskkommunane er i all hovudsak distriktskommunar og Simen Bjørgen, som er ordfører i Lom kommune, oppmodar no alle kommunane til koma på banen og krevja av kunnskapsministeren ryddar opp i dei haldningane ein ser overfor dei elevane som har vald nynorsk i skulen.

- Ei viktig sak å setja på dagsorden. Bjørgen ber Landssamslutninga av nynorskkommunar organisera eit opprop mot denne nedvurderinga av elevar som har nynorsk i skulen.

Nynorsk språk- og dokumentlære

Todayars kurs for statleg og kommunal forvaltning

Godt språk og rett sjanger?

Få rettleiing i dei mest vanlege problema i nynorsk offentleg målbruk. Kurset tek for seg dei typiske feila i offentlege nynorskskriv gjennom dømme frå deltakarane sin kvardag.

I TILLEGG KAN DU LÆRA OM:

- kvifor nynorsk er eit godt språkverktøy i kommunane
- å skriva brev formelt rett og forståeleg
- nynorsk ordval og ordlegging
- ulike teksttypar i det offentlege, som notat, referat, anbod, stillingslysingar osv.
- å skriva for nettet
- den gode saksutgreiinga og den dugande saksbehandlaren

Me har best erfaring med denne modellen (**modell 1**):

Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag

Kurshaldaren stiller ein diagnose på førehand på grunnlag av tekstar deltakarane sender inn. Med denne modellen får me både kartlagt kva problem kursdeltakarane har, og me får brukt mellomliggjande arbeid til å bli betre skribentar. I tillegg vert det rom for å arbeida med rutinar for språkbruk i organisasjonen.

Eit anna alternativ (**modell 2**) er **enklare diagnose – to kursdagar**.

Dette er ein fin variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk i organisasjonen.

Kurshaldarane er høgt kvalifiserte.

Kursa kan haldast på arbeidsplassar i heile landet.

Gruppestorleik: 10–15 personar

Pris:	Modell 1	kr 25 000,-
	Modell 2	kr 20 000,-

Reise og opphald for kurshaldar kjem i tillegg.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: hsfoppdrag@hsf.no eller telefon **57 67 60 00**



KURSHEFTE

- På saklista, nynorsk språkbruk i statsforvaltninga
 - På saklista, nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga
- Hovudforfattar av kurshefta er Jan Olav Fretland, førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Tar hansken

Daglei leiar i LNK, Vidar Høviskeland, tar utfordringa frå Bjørn Christensen og Simen Bjørgen. LNK vil med det første sende ut eit notat der alle LNK-kommunane blir oppmoda om å gjera vedtak i høve til den praksis som Utdanningsdirektoratet har lagt seg på for avkiling av norskeksamen.

- Det er uakseptabelt, og me har alt teke det opp. Det vil bli langt større tyngde bak kravet dersom kommunane følgjer opp med egne vedtak i saka.

Vedtaka bør og sendast Kunnskapsdepartement og utdanningskomiteen på stortinget, meiner Høviskeland.



Vinn ordkonkurransen

Skal me tru Sylfest Lomheim, er det nynorsk som slår ut bokmål i kampen om orda. Ikkje omvendt, som mange føresteller seg.

INGRID HILLESTAD

- Folk flest har ei oppfatning om at bokmål påverkar nynorsk, og at nynorsk er meir bokmålsinfisert enn før. Dette er også rett, men få tenkjer over at det har skjedd noko andre vegen også. Det har nemleg aldri vore så mykje bruk av det som historisk er nynorskord som no, fortel Lomheim, språkkunnig, folkeopplysar og direktør i Norsk Språkråd.

NYNORSK PÅ STORTINGET

Han har nok av døme å komme med for å støtte påstanden sin: søknad, dugnad, merknad, vedtak og løyve er alle opphavlege nynorskord som dei siste 30-40 åra er tekne opp i bokmål.

- Stortinget bruker ikkje anna, kommenterer Lomheim.

- Det er heller ingen drosje i Oslo som har noko anna enn løyve, held han fram.

Før krigen var derimot bevilling det ordet riksmålsfolket helst brukte i denne sammenhengen. Og i staden for søknad sa dei ansøkelse.



DEI GREIASTE ORDA

- Det har aldri vore så stort tilfang av nynorskord innan bokmål som i dag, og dei to norske språka står nærmare kvar-

andre no enn nokon gong før, påpeikar språkkjennaren.

Han framhevar at denne tilnærminga skjer trass i at det ikkje har vore offentleg politikk sidan 1980 å få dei to språka til å likne kvarandre meir. At målformene likevel blandar seg, og at riksmålsfolket i stadig større grad tar over nynorske ord, har ingen ting med politikk å gjere. Folk brukar ganske enkelt dei orda dei synst er dei greiaste å bruke.

- Nynorske ord er ofte kortare, og det gjer at folk heller vil bruke desse, meiner Lomheim.

GLEDELEG UTVIKLING

Få tenkjer over at dei faktisk lèt nynorsk vinne ordkonkurransen, fordi denne oftast finn stad i det umedvetne.

- Hin dagen las eg adjektivet ihuga i Aftenposten. Det var brukt i staden for ivrig, seier Lomheim, og gjev nok eit døme på nynorsk i riksmålet.

At dei to språka nærmar seg kvarandre på denne måten, har han ingen innvendingar mot. Tvert i mot gler han seg over denne utviklinga. Dei to språka treng kvarandre, og det ser ut for at det er bokmål som treng nynorsk vel så mykje som motsett.

- Ser du ei utvikling mot eitt felles norsk språk?

- Det blir nok ikkje før langt inn i framtida ein gong, seier Lomheim, men han er ikkje i tvil om at dette vil skje.

VIKTIG MÅLARBEID

Språkrådsdirektøren rekkjer med dette ut ei trøystande hand til målfolket som måtte føle seg truga av riksmålet. Ideen om at bokmål er i ferd med å kolonisere nynorsk byggjer på ein for snever tanke, meiner han.

- Kan nynorskorganisasjonane berre legge ned arbeidet?

- Tvert i mot. Det er ingen grunn til å slutte med organisasjonsarbeidet. Det er viktig å drive målarbeid, og mållaga har utretta mykje. Men det er også viktig at dei er seg medvitne korleis utviklinga går, meiner språkeksperten.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.


Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no



Tradisjon – og fornying



HOTELL HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50
E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no

VÅGÅ



God oppvekst



Vågå kommune tek ungdom på alvor i følge leiar i Ungdomsrådet Eivind Skogen. Den aktive medverknaden barn og unge har, var eit av argumenta til nemnda som valde Vågå til årets barne- og ungdomskommune i 2006.

BJØRG SCHULTZ

Dei 250.000 kronene som var del av prisen som beste barne- og ungdomskommune, blir disponert av Ungdomsrådet. Kommunestyret vedtok etter forslag frå ungdomsrådet, at rådet skulle disponere pengane heilt utan innblanding frå vaksne. - Dette er eit av fleire gode døme på at kommunen tek ungdom på alvor, meiner Skogen.

POSITIVE TIL HEIMBYGDA

- Ein tilleggsgevinst med å ta godt vare på ungdommen er at dei som reiser frå heimkommunen har med seg positive minne frå oppveksten, meiner Eivind Skogen. - Det kan føre til at dei kjem attende etter ferdig utdanning, og det fører og til at dei taler varmt om heimkommunen der dei ferdast i verda.

Barne og ungdomskonsulent Annette Garden Sveen prøver biljardbordet i Aktivitetsbuset. (Foto: Bjørg Schultz)

Fakta



Kommunen ligg i Gudbrandsdalen i Oppland fylke. Vågå hadde per januar 3 724 innbyggjarar, eller vagværer som folk frå Vågå heiter.

Vågå ligg i inngangen til Jotunheimen og Nasjonalparkriket.

Sysselsettinga fordeler seg slik:
Offentleg og privat tenesteyting 37%
Industri, bergverk, bygg og anlegg 24%

Jordbruk og skogbruk 16%
Varehandel 12%
Reiseliv 11%

Vågå vart kåra til Årets barne- og ungdomskommune i 2006. Det var fjerde gong Barne- og likestillingsdepartementet delte ut prisen.

Det politiske Vågå - representantar i kommunestyret (totalt 21):

Arbeidarpartiet:.....	14
Senterpartiet:.....	3
Sosialistisk Venstreparti:.....	1
Tverrpolitisk bygdaliste:.....	3

Ordfører: Rune Øygard (Ap)

Varaordfører: Trond-Ole Haug (Ap)

Administrasjonssjef: Tor Arne Gangsø

Ordføreren i Vågå har eigen blogg:
<http://www.vaga.kommune.no/Modules/Blogg.aspx>

VÅGÅ



- gjev heimlengt

Skogen trekker fram kombinasjonen av eit trygt lokalsamfunn og moglegheit for ei aktiv fritid som viktig årsak til at ungdom trivest i bygda.

- Vi har eige ungdomshus der ungdommen sjølv er med å ta avgjerder. I det same huset held Kulturskulen til. Det er gode moglegheiter for forskjellige typar idrett både sommar og vinter. Eg har inntrykk av at dei aller fleste finn ein eller fleire aktivitetar dei trivest med i Vågå, seier Skogen.

RESSURS

- Vågå kommune ser på dei unge som ein ressurs, seier ungdomskonsulent Annette Garden Sveen. - Kommunen har ein klår politikk som går ut på å ta dei unge med på avgjerder i dei sakene som vedgår ungdom spesielt, men òg i andre saker. Garden Sveen seier Vågå kommune var tidleg ute med å satse på ein heilskapleg politikk for barn og unge, blant anna ved å tilsette eigen barne- og ungdomskonsulent på heiltid.

BARNEHAGEPÅ DAGEN

Fleire småbarnsfamiliar har dei siste åra flytta til Vågå. Linda Aaboen og Torfinn Skogen, foreldre til Iva (4) og Ola (3), flytta attende til kommunen dei bækjem frå, etter mange år i Oslo. - Vi hadde tenkt lenge på å flytte attende,

seier Linda Aaboen. Då ho fekk arbeid i kommunen, fekk dei endeleg sjansen. - Det er betre på mange måtar å bu i ein liten kommune, særleg for ungane, men også for oss vaksne. Her er det mindre stress, tempoet i kvardagen er lågare.

Då dei bestemte seg for å flytte til Vågå, fekk dei barnehageplass med ein gong. - Vi bruker ti minutt på å køyre til barnehagen. I Oslo visste vi aldri kor lang tid vi kom til å bruke - trafikken hadde stor innverknad på dagen vår. Her er det mykje meir forutsigbart, meiner Linda Aaboen og Torfinn Skogen. - På andre måtar er det betre å bu i byen, mellom anna når ein ser på det kollektive transporttilbodet. Men samla sett så meiner vi at det er betre for heile familien å koma til Vågå enn å halde fram med å bu i Oslo, seier dei to.

LANGTIDSVERKNAD

Garden Sveen trur kommunen kan nytte utnemninga til barne- og ungdomskommune som lodd på vektskåla både for familiar og verksemdar som ønskjer å flytte til kommunen. Vågå kommune skal arrangera barne- og ungdomskonferanse til hausten. Vinnarane av prisen for beste barne- og ungdomskommune er med på å arrangere denne konferansen kvart år, men det er fyrste gong den blir lokalisert til vinnarkommunen.



Aktivitetshuset er eit viktig ledd i trivselstiltak for ungdom, meiner leiar i Ungdomsrådet Eivind Skogen. (Foto: Bjørg Schultz)

- Prisen for beste barne- og ungdomskommune er ein flott inspirasjon til å halde fram med å ha merksemd mot arbeidet med barn og unge. Vi må framleis sjå etter forbetringspotensiale og ha

antennar ute for signal frå dei vi arbeider for. Målet er aldri heilt nådd.

Nasjonalt parkriket

Ein kveld midt i mai har ti ivrige dugnadsfolk frå grenda Nordherad i Vågå møtt opp for å rydde kulturstigen Ulvestigen. Grappa som står for ryddinga er del av Nordheradprosjektet, som igjen er ein del av det regionale prosjektet Nasjonalparkriket i Nord-Gudbrandsdal.

ANNE SILJE BERG

Nasjonalt parkriket er eit regionalt reiselivsretta prosjekt med ambisjon om å bli den leiande nasjonalparkregionen i Europa. Konkret betyr dette at det skal arbeidast for å utløyse næringspotensialet i dei mange nasjonalparkane i området, der Jotunheimen, Rondane og Dovrefjell er lokomotiva. Næringsutvikling skal skje i balanse med naturen i området, bruk og vern heng saman. Den konkrete målsettinga med prosjektet er auka verdiskaping i reiseliv, landbruk og anna servicenærings, og i tillegg auka

kompetanseheving på desse områda. Næringsutviklinga skal i hovudsak skje i randsone til nasjonalparkane.

GREND MED DUGNADSVILJE

Arbeidet som folk i Nordherad, gjer er eit godt eksempel på konkret arbeid i samband med prosjektet Nasjonalparkriket. Og det er eit godt eksempel på grendefolk som har vilje til å mobilisere og skape samhold i grenda si. Kulturlandskapet i Nordherad har internasjonal verdi. Det skal takast vare på, gjerast tilgjengeleg og synast fram til både lokale og reisande.

Nordherad er eit viktig satsingsområde i Nasjonalparkriket og er eit av stoppunkta på Nasjonalparkruta, seier Olger Rønningen, prosjektleiar for Nasjonalparkriket. Stoppunktet har parkering ved garden Valbjør og kulturstigen Ulvestigen.

KULTURLANDSKAPSPROSJEKT

Nordheradprosjektet starta som eit bygdemobiliseringsprosjekt før årtusenskiftet, før Nasjonalparkriket var

ein realitet, og målet var å få miljø- og kulturlandskapstiltak i grenda. Prosjektet skal arbeide for at kulturlandskapet, kulturminne og kulturhistorie i grenda skal bli teke vare på, det skal bidra til stimulering av næringsutvikling i grenda og leggje til rette for trivselsskapande tiltak. To av prosjektets tre undergrupper er stiggrappa og nasjonalparkgrappa. Fyrstnemnte har ansvaret for å rydde og merke stigane i grenda, mellom anna Ulvestigen. Over tusen dugnadstimar meiner leiaren for stiggrappa, Olav Skogen, at det til nå har gått med til arbeidet. Den andre grappa, Nasjonalparkgrappa, har ansvaret for å følgje opp samarbeidet med Nasjonalparkriket. I praksis vil dette seia å gjera grenda meir attraktiv og tilgjengeleg for framandfolk.

STARTFASEN AV TOTALTENKING

- Vonleg vil marknadsføring gjennom Nasjonalparkriket vere positiv for utviklinga av området, seier Live Hosar, men hittil har ikkje Nasjonalparkriket ført til store endringar i besøkstal på garden. Hosar er vertskap på garden Valbjør, saman med mannen Kai Valbjør. Den

gamle garden er i ordinær drift, mellom anna med økologisk geitedrift. I tillegg tek dei i mot overnattingsgjestar og har gardsbutikk.

DNT-hytta Gjendesheim ligg ved foten av Besseggen i Jotunheimen som òg er stoppunkt på Nasjonalparkruta. - Eg føler at prosjektet Nasjonalparkriket er i startfasen av ei totaltenking ikring framtida til området. Prosjektet kan på sikt føre til ei god utvikling av reiselivet, seier styrar på Gjendesheim Bjørg Åseng Vole. - Truleg er det så mange som 90 prosent av våre gjester som går Besseggen om sommaren, seier ho. Besseggen er ei sterk merkevare for området, og over 30.000 menneske går fjellturen kvar sommar. Dette betyr mykje for reiselivet, og dermed også for lokalbefolkninga i området. - Vonleg kan Nasjonalparkriket vere med å skape større medvit ikring kva regionen vår kan by på også blant lokalbefolkninga, seier Bjørg Åseng Vole.

VÅGÅ



20 arbeidsplassar til Vågå

Eit av dei nye forvaltningskontora i den nye NAV-organiseringa blir lokalisert til Vågå. Kommunen ser fram til å få 20 nye arbeidsplassar og er klar for å ta imot nye innbyggjarar.

BJØRG SCHULTZ

Omorganiseringa av arbeids og velferds-etaten fører til at forvaltningsoppgåvene innan etaten blir skild ut i egne einingar. Ei av dei tre einingane i Oppland vil bli etablert i Vågå. Avdelingsdirektør Nina Berg ved NAV Oppland fortel at den nye organiseringa skal gje sakshandsamarane på dei lokale NAV-kontora moglegheit for å følgje opp den enkelte brukar meir systematisk. - Dei forvaltningsmessige oppgåvene "må-oppgåvene" som søknader, utbetaling med meir, blir ført over til dei nye kontora.

Det vil gje dei lokale NAV-kontora moglegheit til ei tettare oppfølging av den einskilde brukaren. Oppfølginga kan for eksempel gjere det mogleg for brukaren å vere i jobb i større eller mindre grad medan saka er til handsaming.



Næringskonsulent Gry Helene Stavseng ønskjer NAV velkomen til Vågå. (Foto: Bjørg Schultz)

GLAD FOR LOKALISERING VÅGÅ

- Avgjerda om lokalisering vart teke av departementet, men vi meiner det er ei god løysing at ei av dei tre forvaltnings-einingane blir lagt til Vågå. Kommunen har tidlegare vist at dei kan handtera etablering av store arbeidsplassar.

- Kva skjer med dei tilsette som nå har desse oppgåvene ute i dei lokale einingane?

- Frå tidlegare prosessar har vi erfaring med at omorganiseringa stort sett blir løyst ved frivillig flytting. Vi strekker oss langt for å ta vare på dei tilsette, men har og eit ansvar overfor brukarane. Vi treng ressurspersonar som har hand-sama desse oppgåvene tidlegare, på dei nye kontora for at dei skal fungere. Derfor er det ikkje sikkert alle kan få oppfylt sitt fyrsteval.

DET GODE LIV I VÅGÅ

- Vi vil leggja til rette for det gode liv i Vågå for dei som kjem tilflyttande, seier næringskonsulent i Vågå kommune Gry Helene Stavseng. - Dette er ei viktig etablering for Vågå og vil ha ringverknader for heile regionen. Så mange nye arbeidsplassar vil føre til nye innbyggjarar i Vågå og kan hende og i nabokommunane, og det er gode nyhende for små distriktskommunar.

Stavseng kan fortelje at kommunen med ordførar Rune Øygard i spissen, har arbeid eit og eit halvt år for å få denne etableringa. - Erfaringane Vågå har frå tidlegare etableringar vog nok tungt i vekt-skåla, men òg at vi kan tilby gode tihøve for dei som kjem. I tillegg til dei naturgitte tilhøva med flott natur og gode moglegheiter for friluftsliv, kan

Vågå tilby eit ope samfunn der sutring er forbode ved kommunestyrevedtak.

GODE ERFARINGAR

Tidlegare har Vågå kommune erfaring frå tilflytting av arbeidsplassar med delar av ICA si rekneskapsavdeling som den største. - Stein Erik Hagen har ved fleire høve presisert at det var god bedriftsøkonomi å flytte avdelinga til Vågå. Sjukefråveret gjekk ned til berre ein prosent medan landsgjennomsnittet er på omlag sju prosent. Arbeidskrafta er høgt kvalifisert og svært stabil, seier Stavseng. Ho legg til at Vågå kommune har hausta erfaringar frå flytteprosessane og fått nyttig kunnskap om korleis ei flytting til ein distriktskommune påverkar verksemdene. - Studieforbundet Folkekulturforbundet kom og hit med heile administrasjonen.

Professor Håvard Teigen ved høgskolen i Lillehammer har laga flyttereignskap for dei der konklusjonen er nesten uteluk-kande positiv.

LOKALISERING

Stavseng fortel at kommunen har fleire moglege lokaliseringar for nyetableringa. Fleire etablerte verksemdar har kome med forslag om samlokalisering både i eksisterande bygg og nybygg. Husvære for dei som kjem tilflyttande skal heller ikkje bli noko problem. - Det fins både leilegheiter i sentrum og tomter og hus i grendene. Det er full barnehagedekning i kommunen og god grunnskule. Eit aktivt kulturliv og møteplassar for eit godt sosialt liv tel og på plussida, meiner Stavseng.

WWW.MAGASINETT.NO
 einaste intelligente nettstaden for ungdom
 – på nynorsk!

SAMLAGET FEIRAR LØLAND-JUBILEET MED NYE BØKER

ERNST BERGE DRANGE

Rasmus Løland
Barnebokpioneren frå
Ryfylke




Løland var sentral i nynorsk-rørsla og i kretsen rundt Arne og Hulda Garborg. Bøkene hans er klassikarar som stadig kjem i nye opplag.

Drange gir eit levande bilete av Lølands tid, men også eit unikt innblikk i korleis fritenkjaren og radikalaren Løland levde, skreiv og debatterte.

Innb. kr 399,-

RASMUS LØLAND

Gutar
 Illustrert av Åshild Irgens



Første barnebok ut er eit utval av Lølands beste forteljingar. Titlane på dei 15 forteljingane vil vere både velkjende og mindre kjende: Bjednekniven, Kvitebjørnen, Hunden og katten, Det store nashornet, Bekafanten og Den store ormen.

Dei levande og særmerkte illustrasjonane er ved Åshild Irgens, og språket er modernisert ved forfattaren Arnt Birkedal.

Innb. kr 249,-

RASMUS LØLAND

Kvitebjørnen
 Illustrert av Åshild Irgens

Denne biletboka fortel historia om Kolbein, Andres, Pål og Gunnar som byggjer ein Kvitebjørn i snøen og som kryp inn i bjørnekroppen. Der inne fortel dei eldste gutane om alle eventyra som Kvitebjørnen har vore med på ...

Innb. ca kr 199,-

RASMUS LØLAND

Kvar vart det av jula?

Hallvard gjer det som alle barn ein eller annan gong gjer, men ønskjer dei aldri hadde gjort: han går nedi kista til den heimkomne bror sin utan å få lov, og det går ikkje slik han hadde tenkt...

Løland skildrar i denne langnovella korleis barn opplever anger og skam.

Innb. ca kr 179,-

KVITEBJØRNEN OG KVAR VART DET AV JULA? ER I SAL FRÅ OKTOBER 2007.

www.samlaget.no



UNDRANDE OG SKAPANDE
STIFTINGA RASMUS LØLAND-MARKERINGA 2007 – 2011

Asker kommune, ABM utvikling, Kunnskapsdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Ryfylkefondet og Suldal kommune

Norsk Plan as

ABC
 Startside

SpareBank 1 SR-Bank

Sjangesunds Avis

Heidrar jubilant

Diktar, omsetjar, kulturarbeidar og inspirator Halldis Moren Vesaas ville ha blitt 100 år i november i år.

ASTRID E. HJELMELAND

I den samanheng vil fødekommunen Trysil saman med Vinje og Oslo kommune heidra minnet hennar gjennom ei brei markering i 2007, som skal avspegla det kunstnariske og menneskelege mangfaldet ho representerte.

Halldis debuterte i 1928 med diktsamlinga *Harpe og dolk*. Samlinga vekte oppsikt av di svært få kvinner hadde skriva dikt tidlegare. I tillegg uttrykte dikta kvinnelege tankar, kjensler og lyster. I løpet av sitt diktarliv gav Halldis Moren Vesaas ut ei rekkje bøker i ulike sjangrar og skreiv artiklar og essays. Elles var gjendikting av klassiske skodespel frå verdslitteraturen og omsetjing av dikt og bøker for både barn og vaksne ein viktig del av livsverket hennar.

FRISINNA

Halldis Moren Vesaas vart fødd på garden Mora i Trysil 18. november 1907 der ho vaks opp. Halldis var einaste jente og eldst i syskenflokket på fem. Saman med syskena vaks ho opp i ein trygg, frisinna heim, prega av norskdom og kulturelle interesser.

SPRÅKKYNDIG

Halldis byrja på lærarskolen i 1925, men var meir interessert i teater og skrivning.

Språket fransk lærte Halldis seg då ho var sekretær for visekonsul og seinare handelsråd Arnold Bakke i Sveits i åra 1930 -1933. I denne perioden fekk ho



Halldis Moren Vesaas (Foto: Odd Nerbø)



ungdom
va å leggja puslespel
i mørkno

Frå "Løktastolpefrø" - 1975
av Ingvar Moe som ville ha vore 70 år
i 2006

reise til fleire av byane i Europa for å sjå kunst.

Halldis møtte Tarjei Vesaas hausten 1931, og dei gifta seg i 1934 og busette seg på Midtbø i Vinje.

INSPIRATOR

Jubileet skal nyttast til å auke interessa for poesi og dramatik generelt og spesielt innafør den nynorske litteraturen, og å inspirera barn og ungdom til å skriva sjølve.

Markeringa blir førebudd av ei hovudnemnd sett saman av representantar for dei tre kommunane, Telemark fylkeskommune, Aschehoug, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Teater Ibsen og familien Vesaas.

Hovudmarkeringa i Vinje i Telemark finn stad frå 20. - 23. september.

(kjelde: www.vesaas.no)

Fem år med Løland

Startsskotet har gått for ei fem år lang markering og jubilering av Noregs første barnebokforfattar, Rasmus Løland.

TOYNI TOBEKK

Fem år med markering av ein for dei fleste heller ukjend forfattar kan kanskje synast noko ekstravagant. Men så er det er ikkje forfattaren og mennesket Rasmus Løland me skal markere, fortel dagleg leiar for markeringa, Marny Skeie Henkel.

- Snarare skal me bruke fem år til å spinne vidare på den arven Løland la att etter seg som den første norske barnebokforfattaren.

NYE BØKER

I løpet av dei fem åra som Løland-stiftinga har sett seg føre å markere Rasmus Løland og arbeidet hans, vil først og fremst Suldal og Asker kommunar få Løland på maten i mange samanhengar. Men også i eit nasjonalt perspektiv har Løland-stiftinga tatt mål av seg til å få sett Rasmus Løland på kartet.

Denne veka kom den nye Løland-biografien ut, samstundes som Samlaget sleppte den første nytgjevinga av barnebøkene hans; Gutar er ei samling av Lølandtekstar som har gjennomgått ei lett språkmodernisering ved



Undrande og skapande.
(Foto: Jan Nordtveit)

forfattar Arnt Birke-dal. Også andre nytgjevingar er i emning.

NASJONALT SENTER

Det Norske Teater gjestar for tida Suldal med teaterstykket *Betre utan ball* skriva av Glenn Belden. Stykket vann ei nasjonal dramatevling i fjor, og har vore vist i hovudstaden i vinter.

Fleire skrivatevlingar og ulike barne- og ungdoms-

mønstringar står og på tapetet. Men sjølve kongstanken er eit nasjonalt senter for nynorsk barnekultur og -litteratur. Allereie i juni skal fylkestinget i Rogaland diskutere mulegheitene for å opprette eit fond til dette føremålet.

Som ein ekstra kuriositet har den nye ferja som skal trafikkere Sandsfjorden i Suldal fått ei svært så sjeldan pipe: Der andre ferjepiper ber preg av kva reieri dei høyrer til, har M/F Sand det offisielle løland-emblemet, nashornet, i toppen.

BYGGER OPP LØLAND-HEIM

Sjolv om svært mange av arrangementa knytt til markeringa vil skje i Suldal kommune, der Rasmus Løland kom frå, skal også Asker kommune og Asker museum vere med og dra sin del av lasset. Rasmus Løland budde på Labråten i Asker, i hagen til Hulda og Arne Garborg, dei siste åra han levde.

I løpet av året kjem Asker museum til å byggje opp att stova til Rasmus Løland som vart riven ein gong på sekstialet. Lølandstova skal bli ein stad for kunstnarar å hospitere, i tillegg til at ho skal ha ein museumsfunksjon.

Meir enn 7 millionar kroner er spytt inn frå offentlege og private pottar for å få avvika den fem år lange markeringa, fortel Skeie Henkel.